

«Stryker du i fransk, er det din egen feil. Det vet da alle. Men stryker du i nynorsk, er det bare komisk og helt opplagt nynorskens feil, det vet også alle.»

Stein Ørnhaøi (2005)

Abstract

In school, Norwegian youths are taught two written languages, where each student may choose either *nynorsk* or *bokmål* as their main written language. In spite of many years reading and writing *nynorsk* in school, a significant number of young students replace their written language with *bokmål*. This is a pattern found in areas where *nynorsk* faces considerable pressure from *bokmål*. This meta-analysis compares and discusses the results from seven reports and theses, aiming to offer an explanation to this pattern.

Many of these students maintain that the reason for this language swap is a lack of proficiency. The studies does however suggest a significant variation across geographical lines. The student's educational ambitions nor their parents' geographical background can explain this pattern. However, *Nynorsk* is associated with the old and rural, and there are to a higher extent negative attitudes towards *Nynorsk* than *Bokmål* across the different areas.

The context surrounding the language users is not in any way facilitated to the benefit of *nynorsk*. Many mechanisms make up structures that works as re-enforcing and defining factors underlying individual language choices. The tacit knowledge about the low status of *nynorsk*, as well as significant proofs of the existence of these mechanisms, guide individual choices, resulting in many youths rejecting *nynorsk* in favour of *bokmål*.

Samandrag

Nynorsk har alltid vore eit mindre brukta skriftspråk enn *bokmål*. Sjølv om prosenten *nynorskbrukarar* held seg stabil, er det svært mange som legg frå seg *nynorsken* i løpet av skulegangen. Dette er kjend som *den nynorske lekkasjen* – eit fenomen som finn stad i randsonene i Noreg, stader der *nynorsken* er under press frå *bokmål*. Dette arbeidet er ein metaanalyse som syntetiserer, samanliknar og deretter diskuterer sju rapportar om språkskifte i randsoner.

Elevane oppgir sjølve at dei ikkje meistrar skriftspråket som grunn når dei byter hovudmål frå *bokmål* til *nynorsk*. Analysen viser vidare ein variasjon på tvers av dei geografiske områda: Tidspunkt for skiftet, foreldra sin fødestad eller elevane sine utdanningsambisjonar ser ikkje ut til å danne noko tydeleg mønster. Vidare er elevar med *nynorsk* som hovudmål jamt over meir negative til å skrive sitt eige hovudmål, enn elevar med *bokmål* som hovudmål.

Den kritiske diskursanalysen ser på empirien i tråd med fire maktmekanismar: stigmatisering, marginalisering, nøytralising og ignorering. Analysen tydeleggjer den reelle minoritetsposisjonen *nynorsk* har, og viser at måten vi snakkar om og behandler *nynorsk*, er med på å oppretthalde og legge grunn for sterke strukturar i det som kan omtala som eit språkleg hegemoni. *Nynorsk* blir snakka ned, gløymd, ikkje tatt omsyn til, og elevar og lærarar rasjonaliserer prosessane. Det kan forklare at elevar vil legge frå seg *nynorsken*.

Forord

Eg hadde klare tankar om korleis det skulle bli å levere masteroppgåva då eg tok fatt på arbeidet.

La meg male eit verbalt bilde:

Det er ein vakker sommardag i Trondheim, og gatene er fulle av blomster og glade barn. Idet eg går inn dørene på Dragvoll, begynner eit symfoniorkester å spele Shania Twain sin *Man, I Feel Like a Woman*, medan eg går målretta med oppgåva i handa. På begge sider av min triumfmarsj har alle eg har møtt i studietida, stilt seg opp i æresvakt og applauderer og vaiar norske flagg. Idet eg står ansikt til ansikt med rettleiarar, rektor, biskop og kongen (som sjølv sagt også skal lese oppgåva mi), stilnar folkemengda. Eg overrekk 50 gullkanta sider, kulminasjonen av all kunnskapen eg har tileigna meg innanfor desse veggane. Rektor og kongen ser på kvarandre og smiler, før eg og alle som har møtt opp, eksploderer i jubelrus.

Nei, då. Men eg har verkeleg kost meg med å dykke ned i eit sjølvvalt tema og få større innsikt i eit tema eg interesserer meg veldig for. Det har til tider vore både arbeidsamt og krevjande, men alltid lærerikt og interessant.

Vegen fram til innleveringa har ikkje vore berre einsam, og eg vil derfor dele ut prisen i kategorien for heilt fantastiske rettleiarar til Stian Hårstad og Brit Mæhlum. Tusen takk for at de er så lett tilgjengelege, og for mange hjelsame, konstruktive og oppklarande innspel og kommentarar. Det har eg sett stor pris på. Eg vil gi ein takk til Dave Kush, som har gitt av si tid til å forklare det som til sjuande og sist viste seg å vere enkle statistiske prinsipp. Turi Marte Ånerud fortener ein stor takk for det arbeidet ho legg inn i masterverkstaden, som har vore ein triveleg og konstruktiv møteplass for ganske mange av oss. Eg vil også takke Gunn Stoum Kyrkjeeide, som kvart einaste semester sidan 2014 har hjelpt meg med den trassige studieplanen min.

Og takk til alle snille vener som har spurt kva eg har skrive om, og for at de ikkje berre gjekk dei gongene eg også begynte å hytte med neven og heva stemma litt meir enn det som er komfortabelt å utstå.

Ingrid Wold

Trondheim, mai 2018

Innhaldsliste

Abstract	ii
Samandrag	ii
Forord	iv
Innhaldsliste	
1. Innleiing	1
1.1 Problemstilling	2
1.2 Disposisjon	2
2. Metodisk og teoretisk overblikk.....	3
2.1 Språk og makt: i sosiolingvistisk tradisjon	3
2.2 Kritisk-hermeneutisk perspektiv	4
2.3 Diskursanalyse	5
2.4 Ein kvalitativ metaanalyse	6
2.4 Metodiske implikasjonar	7
2.4.1 Tolking	7
2.4.2 Kva forskar vi eigentleg på?.....	8
2.4.3 Empirien: ulike empiriske, metodiske og teoretiske utgangspunkt.....	9
3. Empiri.....	11
3.1 Presentasjon av empiri	11
3.1.1 Rapport: Garthus, K.M.K. (2009). <i>Rapport om språkskifte i Valdres. Målstreken.</i>	11
3.1.2 Masteroppgåve: Idsøe, T. (2016). <i>Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? Ei undersøking av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelt område i Hordaland</i>	12
3.1.3 Masteroppgåve: Kleggetveit, I. (2013). <i>Eg eller jeg? – Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder</i>	12
3.1.4 Masteroppgåve: Krogsæter, M. N. (2017). « <i>Eg føler nesten at me berre har eitt skriftspråk no, at det er bokmål</i> »: ei sosiolingvistisk undersøking av hovudmålsval og språkskifte i ungdomsskulen og i vidaregåande utdanning.	13
3.1.5 Masteroppgåve: Stemshaug, A. (2015). <i>Å vere nynorskelev i ei bokmålsverd. Ein kvalitativ kasusstudie av nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål.</i>	13
3.1.6 Rapport: Proba Samfunnsanalyse (2014). <i>Undersøkelse av nynorsk som hovedmål</i>	14
3.1.7 Masteroppgåve: Øvreliid, I. N. (2014). <i>Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Påverknad og haldningar.</i>	15
3.1.8 Oversikt over empirien.....	16
3.2 Komparativ analyse av resultata i empirien	17
3.2.1 Prinsipp for den komparative analysen	18
3.2.2 Nokre generelle tendensar	19

3.2.3 Kva grunngjevingar har elevane for å byte frå nynorsk til bokmål?	20
3.2.4 Er nynorskbrukarane meir språkleg bevisste enn bokmålsbrukarane?	23
3.2.5 Haldningar	24
3.2.6 Kvar bur elevane og kvar vil dei bu i framtida? Rural/urban orientering	28
3.2.7 Oppsummering	29
4. Kritisk diskursanalyse	31
4.1 Prinsipp for den kritiske diskursanalysen.....	31
4.2 Individuelle handlingar, kollektive resultat.....	32
4.2.1 <i>Den usynlege handa</i>	33
4.2.2 <i>Habitus</i> og <i>doxa</i>	33
4.2.3 Komplementerande teoretiske standpunkt	34
4.3 Hegemoniets maktmekanismar	35
4.3.1 Stigmatisering.....	35
4.3.2 Marginalisering	42
4.3.3 Ignorering	46
4.3.4 Nøytralisering	49
4.4 Når mange tar det same valet	52
4.4.1 Den usynlege handa	52
4.4.2 Habitus og doxa – økologiske vilkår.....	53
4.5 Avsluttande drøfting.....	54
4.5.1 Er hovudmål det same som bruksspråk?	54
4.5.2 Språk er makt	56
5. Avsluttande merknad.....	59
6. Litteratur.....	61
Relevans for lektoryrket	ii
Vedlegg	iv
Vedlegg 1. Oversikt over informantar.....	iv
Vedlegg 2: Tal: «kor godt liker du å skrive nynorsk?»,.....	iv
Vedlegg 3: Tal: «Kor godt liker du å skrive bokmål?».....	v
Vedlegg 4: Tal: «Eg synest nynorsk bør brukast på heimstaden min, fordi det er ein del av kulturen her.»	vi

1. Innleiing

Sidan det vi i dag kjenner som nynorsk, såg dagens lys, har det vore færre nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar. Det er heller ikkje til å kome forbi at det i dag er eit skriftspråk på vikande front – fleire og fleire elevar vel bort nynorsk som hovudmål, og dette har skapt fenomenet som blir omtala som *den nynorske lekkasjen*. Og lekkasjen er påfallande: Så mange som kvar tredje nynorskbrukar byter til bokmål før dei er fylte 20 år (Grepstad, 2015a). I Stortingsmeldinga *Mål og Meining* blir det peikt på at 34,1 prosent av elevane hadde nynorsk i skulen i 1944, medan det same talet i dag ligg på rundt 14 prosent (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008: 199). I praksis betyr dette at svært mange elevar som har skrive og lese nynorsk gjennom heile grunnskulen, skiftar hovudmål før eller når dei begynner på vidaregåande skule. Dette er eit tydeleg mønster i det som blir rekna som randsoner for nynorsk, stader der nynorsken er under særleg stort press frå bokmål.

Grunnane til at vi handlar som vi gjer, er eit av dei store spørsmåla i humanistisk forsking generelt og i sosiolingvistikken spesielt, når vi beveger oss inn på språkval. Grunnane til at vi snakkar og skriv slik vi gjer, er ikkje alltid like eintydige, og det er vanskeleg å setje fingeren på klare årsak-verknadsforhold. Men heilt tilfeldig er det ikkje. Mange individuelle handlingar kan bli til mønster for kollektivet, og danne usynlege strukturar som er vanskelege å unngå. Slike strukturar har lagt grunnlaget for og opprettheld eit skeivt maktforhold mellom dei to formelt jamstilte skriftspråka¹ i Noreg, der nynorsk ikkje har same status som bokmål.

Der den formelle makta ikkje blir respektert eller når fram, kan uformelle maktmekanismar ta over som resulterer i diskriminerande handlingar eller utsegner. Mest effektiv blir ei slik diskriminering når nokon er i stand til å nytte den makta dei har i kraft av å vere mange nok eller ha høg nok status. (Grepstad, 2012a: 216)

Det kan sjå ut til at elevar i hopetal kastar frå seg skriftspråket sitt så snart dei får sjansen. Kvifor er det slik? Kva er det som for mange gjer bokmål til eit betre val enn nynorsk? Kven har makta over språket?

Fleire studiar har tatt føre seg den nynorske lekkasjen, og undersøkt haldningar, vanar og meininger hos elevar i både ungdomsskulen og i vidaregåande skule for finne forklaringar. Desse studiane dannar grunnlaget for mitt arbeid – ein komparativ metaanalyse og

¹ Det er mange måtar å forstå omgrepa «nynorsk» og «bokmål» på, og dette gjeld også i faglitteraturen: «nynorsk» og «bokmål» kan vise til kva ein skriv på skulen, kva ein skriv privat, eit skriftspråk eller skulefaget (les: «karakter i nynorsk»). Eg kan derfor heller ikkje ha full oversikt over kva forskrarar og informantar meiner, når dei bruker omgrepa. Sjå også 3.2.1 *Prinsipp for den komparative analysen*.

diskursanalyse. I dei følgjande femti til seksti sidene vil eg syntetisere, analysere og kritisk drøfte eksisterande forsking på temaet *den nynorske lekkasjen* i randsoner.

1.1 Problemstilling

Med empirisk utgangspunkt i sju ulike studiar gjort på skifte av hovudmål frå nynorsk til bokmål i randsoner, tar eg sikte på å belyse og diskutere desse spørsmåla:

1. *Kva er årsakene til at så mange elevar i randsoner byter til bokmål som hovudmål?*
2. *Korleis kan vi forklare dette mønsteret?*

Sjølv om desse ved første blick kan sjå ut som akkurat same spørsmål, vil dei ikkje få same svar. Individuelle kontekstar er samansette, og svaret på «årsakene» vil vere avgrensa til det empirien kan fortelje meg. Det omfattar det elevane sjølve seier, det forskarane rapporterer, samtidig som det vil vere eit overordna spørsmål for heile oppgåva, også når diskursanalysen behandler empirien med eit meir kritisk blikk. Det andre spørsmålet er både teoretisk og analytisk retta: Det er mange måtar å forklare slike mønster, og gjennom ein kritisk diskursanalyse tar eg utgangspunkt i eit sett teoretiske perspektiv som kan forklare dette. Eg ønsker med andre ord ikkje berre å vise kva som ser ut til å vere mønsteret ut frå fleire studiar, men å sette det i samanheng med individ og samfunn på eit meir overordna nivå.

1.2 Disposisjon

I det neste kapittelet, 2. *Metodisk og teoretisk overblikk*, gjer eg greie for dei overordna prinsippa som utgjer det metodiske grunnlaget for arbeidet. I grunnen ligg ei hermeneutisk forståing av forsking som blir avløyst av kritisk diskursanalyse. Her belyser eg dei generelle prinsippa for oppgåva og plasserer ho inn i ein sosiolingvistisk tradisjon. Vidare har eg gjort to former for analysar. Kapittel 3 startar med eit overblikk over empirigrunnlaget, medan kapittel 3.2 *Komparativ analyse av resultata i empirien* utgjer ein komparativ empirisk analyse, der eg syntetiserer og presenterer funn som utmerker seg i studiane og er relevante for problemstillingane. Her vil eg mellom anna gå inn på haldningar til skriftspråka, og argumentasjonen informantane har gitt for sitt val av hovudmål. Denne delen er basert på korleis resultata blir framstilt i dei respektive forskingsarbeida. Kapittel 4. *Kritisk diskursanalyse* behandler empirien i ein teoretisk kontekst. Her freistar eg i hovudsak å gjere greie for dei maktmekanismane som styrer, legg grunnlaget for og held ved like den situasjonen dei skapar, og slik sett prøve å svare på spørsmålet om *korleis vi kan forklare dette mønsteret*.

I den avsluttande drøftinga vil eg diskutere desse funna på eit overordna nivå, før eg heilt til slutt samlar trådar og sjølv kommenterer i kapittel 6. *Avsluttande kommentar*.

2. Metodisk og teoretisk overblikk

Val av metode handlar om å gjere val som er mest hensiktsmessige for målet med prosjektet, slik at han kan vere eit verktøy for å kome fram til relevante og gode svar. I dette kapittelet vil eg gjere greie for kva teoretiske og metodiske prinsipp som ligg til grunn for arbeidet. Den første delen av kapittelet plasserer prosjektet i den sosiolingvistiske tradisjonen. Deretter vil eg gjere greie for hermeneutikk som eit overordna prinsipp for oppgåva, og kritisk diskursanalyse som eit førande metodisk perspektiv for analysen i kapittel 4. Metode og teori er i denne oppgåva lite hensiktsmessig å skilje, og fordi dei er komplementerande og samanfallande perspektiv i korleis materialet vil bli behandla, snakkar eg derfor om eit *teoretisk-metodisk* perspektiv. Sjølv om metoden i seg sjølv utgjer eit teoretisk utgangspunkt for analysen, har eg inkludert eit knippe andre teoretiske konsept i analysen, meir spesifikke for problemstillingane. I tillegg til fire av hegemoniets maktmekanismar frå Ottar Grepstad (2012a) vil eg nytte omgrepa *habitus* og *doxa* henta frå sosiologen Pierre Bourdieu og teorien om *den usynlege handa* i språkutvikling frå Rudi Keller. Desse vil først bli gjort greie for og brukt i den kritiske diskursanalysen i kapittel 4.

2.1 Språk og makt: i sosiolingvistisk tradisjon

I ei enkel, men noko unyansevert setning kan vi seie at sosiolingvistikken sin hovudsyssel er å undersøke forholdet mellom samfunn og språk (Herk, 2012: 2). For å forstå dette forholdet, må ein også forstå dei aktørane og faktorane som høyrer til. Synet på korleis desse faktorane påverkar kvarandre, varierer i fagfeltet. Faghistorisk har det i ulik grad vore fokus på individuelle eller kollektive rammer, men i seinare år har det vore vanleg å anta at begge sider har forklaringskraft (Hårstad, Mæhlum, & Lohndal, 2017: 123)

Ut frå eit kollektivistisk perspektiv vil ein finne forklaring i aktørar på samfunnsnivå, som politiske organ og institusjonar, eller interessegrupper. Har ein hovudvekt på individua, vil språkbrukarane vere dei sentrale aktørane i forklaringa. Språkbrukarane nyttar, endrar og forvaltar språket i praksis, og blir derfor eit naturleg perspektiv også i dette arbeidet. Samtidig som individua samla også kan forståast som éin kollektiv faktor, er tilhøva på individnivå ofte påverka av institusjonelle aktørar. Det gjensidige forholdet mellom det kollektivistiske og individualistiske er sterkt og kan derfor bli sett på som to sider av same sak. Unn Røyneland poengterer dette og skriv at sosiolingvistar vil «studere korleis samfunnet påverkar språkbrukarane, og korleis språkbrukarane er med på å skape og rekonstruere samfunnet.» (2011: 33).

Nokre sosiolingvistar er igjen ute etter å avsløre ideologiane og makta som ligg i språket. Susan Gal (1994) er ein av dei som hevdar at språket ikkje berre reflekterer sosiale mønster, men også stadfestar og reproducerer dei (1994: 425). Ingen er fri for ideologi og tankesett: Ikkje forskaren og ikkje språkbrukaren. Ideologi ligg i språket, i haldningar, i ytringar, i tankar og handlingar. Norman Fairclough presiserer dette i boka *Language and Power* frå 2001: Sjølvsagte oppfatningar er eit resultat av ideologi, og dette inkluderer språket, men også meg som subjekt²: «the obviousness that you and I are subjects – and that that does not cause any problems, is an ideological effect, the elementary ideological effect» (2001:85). Dette er eit perspektiv eg vil ta opp att i 2.4 *Metodiske implikasjonar*.

Fordi fleire perspektiv og tradisjonar møtest i sosiolingvistikken, er det også mange metodar og teoriar som er gangbare. Metodane som blir brukt, vil derfor variere ut frå kva ein ønsker å finne ut. Målet med mi oppgåve er å forstå språkhandlingar gjennom ein kritisk, hermeneutisk forståingsvinkel, og dei metodiske og teoretiske vala eg har gjort, reflekterer dette.

2.2 Kritisk-hermeneutisk perspektiv

Målet med ein hermeneutisk analyse er å forstå meiningsbestemt, ikkje årsaksbestemt. «Handlinger i et hermeneutisk perspektiv oppfattes som intensjonale; de er rettet mot noe, og slik sett betyr de noe – både for den som utfører handlingen, og for den som blir utsatt for handlingen.» (Hårstad m. fl., 2017: 51).

Den tyske filosofen Hans-Georg Gadamer (1900-2002) omtalar hermeneutikk som eit perspektiv snarare enn ein metode, og seier at hermeneutikk har å gjere med kva innstilling ein ser på forskingsobjektet sitt med. Ifølgje Gadamer er fordommene våre ein del av forkunnskapen om det vi ser på, og denne forkunnskapen utgjer ein viktig føresetnad for å kunne forstå menneskelege fenomen (Krogh, 2009: 48-49). Forståing er såleis knytt til ein sirkulær prosess: Fordommene utgjer grunnlag for tolking av tekst, der resultatet av dette igjen kan modifisere fordommene og danne grunnlag for nye forståingar. Vi er med andre ord aldri heilt fordomsfrie. Gadamer meiner at forståing må innebere å bygge på det vi allereie veit, og at dette er noko vi må akseptere (Krogh, 2009: 54-55).

Sosiologen og filosofen Jürgen Habermas (1929 –) utfordrar Gadamer sin kategoriske aksept av tradisjon og er med det kjend for *den kritiske hermeneutikken*. Medan Gadamer meiner at eit

² Fairclough diskuterer omgrepet «subjekt» som eit fordelt fenomen i forandring. For eksempel er «forfattaren» eller «forskaren» eit subjekt: Er orda ein bruker eit produkt av forfattaren, eller er forfattaren eit produkt av orda i samfunnet?

enkeltmenneske ikkje maktar å ha full oversikt over dei tradisjonane og historiske kreftene som omringar menneske eller fenomen, meiner Habermas at ein *må* stille seg kritisk til tradisjonar og førforståingar, fordi nokre av desse også kan vere falske (Krogh, 2009: 75). Forståing avheng av overleverte tradisjonar frå forhistoria vår, og dette gjeld også ideologiske strukturar og tankesett. Habermas er opptatt av å vise korleis tradisjonar og korleis vi snakkar om og behandler eit fenomen, kan ha blitt styrt av ideologi og maktstrukturar (Krogh, 2009: 75).

Noko av det vi oppfattar som ei grunnleggjande einigheit, kan vere eit resultat av makt og ideologi (Krogh, 2009: 75). Dette kallar Habermas «falske førestillingar». Habermas ønsker at vi, gjennom analyse, skal kunne avsløre og forkaste nettopp slike falske førestillingar. Prinsippa i den kritiske hermeneutikken er derfor like viktige i språkforsking som i samfunnsforsking, fordi forskingsobjektet i sosiolingvistikk er samfunn og språk. Ein må sjå kritisk på saka, og korleis ein snakkar om saka, fordi ein ønsker å forstå språklege tilhøve. I diskursen – i kommunikasjonen og i språket – finst det skjulte tradisjonar, maktrelasjonar og ideologi. Som Rolv Mikkel Blakar sa det allereie i 1973: *Språk er makt*.

I denne analysen vil den kritiske hermeneutikken – å prøve å forstå saka i sin eigen kontekst, men også å sjå empirien i kritisk lys – vere styrande for korleis eg les og behandler empirien, og den er derfor inkludert som eit overordna metodisk perspektiv. Ettersom min empiri består av både masteroppgåver og rapportar frå forskrarar om det same temaet, som igjen inneholder utsegner og tolkingar om temaet frå informantar, vil det seie at empirien er svært samansett og inneholder fleire nivå. Korleis snakkar informantane, masterstudentane og forskarane om nynorsk – seg imellom og på tvers? Er «nynorsk» noko anna mellom to elevar enn mellom ein elev og ein forskar? Alle informantane og forskarane sit med sine tradisjonar og fordommar – kva har det å seie for forståinga deira og forståinga mi? Alle nivå av ytringar og delar av tekster i empirien er derfor eigne – og samtidig samanfallande – studieobjekt fanga i tradisjonar som bør behandlast kritisk.

2.3 Diskursanalyse

Diskursanalysen tar føre seg språket – ytringar, handlingar og haldningar om eit tema – og analyserer kva det *betyr*. Slik sett er denne metoden spesielt egna til å studere maktforhold i samfunnet. Uansett kva type diskursanalyse ein vel, må ein nemleg ta i omsyn aktørar og strukturar på makro- og mikroplan for å finne mening i den enkelte ytringa eller handlinga. Ut frå ein samfunnsmessig kontekst kan ein studere tekstene i dei ulike rapportane, masteroppgåvene og intervjua som enkeltobjekt – eller samla.

Vidare er *diskurs* ein måte å snakke om og forstå verda på. Det er tekst, interaksjon og kontekst, og ein må forstå ytringar ut frå fleire faktorar enn språk og språkbrukar. Ein må setje det i samanheng med strukturane rundt, slik sitatet under også tydeleggjer (Fairclough, 2001: 21; sjå også Jørgensen og Phillips, 1999: 9).

In seeing language as discourse and as social practice, one is committing oneself not just to analysing texts, nor just to analysing processes of production and interpretation, but to analysing the relationship between texts, processes, and their social conditions, both the immediate conditions of the situational context, and the more remote conditions of institutional and social structures. (Fairclough, 2001: 21)

Fordi diskursanalysen har ein ambisjon om å utforske maktrelasjonar og strukturar i samfunnet, vil den komplementere den kritiske hermeneutikken som overordna analytisk perspektiv (Jørgensen & Phillips, 1999: 11). Språkhandlingar vil, i lys av ein kritisk diskursanalyse, aldri vere nøytrale, men innehalde gitte perspektiv eller haldningar. Ifølgje eit diskursanalytisk synspunkt er korleis vi uttrykkjer oss, og kva ord vi vel, med på å oppretthalde maktstrukturar. Slik sett kan diskursen seie noko om det samfunnet vi er ein del av. Eg har valt å bruke generelle prinsipp frå kritisk diskursanalyse som eit verktøy for å analysere dei ulike utsegnene og tekstene om nynorsk, for å kunne forsøke å finne mening og svar når det gjeld statusen til nynorsk i dag. Dette kan tydeleggjere kva grunnar som ligg bak dei vala elevane gjer.

2.4 Ein kvalitativ metaanalyse

Medan diskursanalysen i kapittel 4 er underlagt teoretiske prinsipp som kritisk hermeneutikk, har eg valt å beskrive dette arbeidet meir generelt med omgrepene *kvalitativ metaanalyse*³. Omgrepene metaanalyse har eg valt fordi det beskriv eit av hovudmåla med oppgåva: Å ta føre seg fleire studiar om det same for å forhåpentlegvis kunne analysere, trekke ut og vise ny, samla kunnskap om eitt område. I tillegg er analysen *kvalitativ*. Denne termen blir i metodesamanheng brukt for å beskrive forsking som er fortolkande, og som blir sett i samanheng med noko. Omgrepene heng derfor naturleg saman med hermeneutikk. På motsett side finn vi kvantitativ forsking, der ein er ute etter å telje og generalisere (Hårstad m. fl., 2017: 53). Ofte er ikkje skiljet absolutt, og det er det heller ikkje i mitt arbeid. Ut frå empirien må eg inkludere både talfesta, kvantitative data, og kvalitative data. Fordi eg gjer eit *tolkingsarbeid*, er metoden eg nyttar, likevel i hovudsak kvalitativ og i tråd med den kritisk-hermeneutiske tradisjonen.

³ «Metaanalyse» refererer også til ein spesifikk kvantitativ metode ofte brukt i fagfelt som medisin og psykologi. I denne oppgåva bruker eg *kvalitativ metaanalyse* i ein vidare forstand, og støttar meg til framgangsmåtar slik dei er forklart i artiklane til Weed (2005) og Timulak (2009).

Prinsipielt er framgangsmåten inspirert av fleire metodar, men ikkje strengt basert på ein spesiell. Kva angår konkrete metodiske val, har eg tatt inspirasjon frå liknande arbeid på andre felt. Dette gjeld til dømes val av kategoriar, prosess i koding og framlegging av funn. Ladislav Timulak (2009) og Mike Weed (2005) presenterer generelle prinsipp for tolkande kvalitative metaanalysar i psykologi og sosiologi. Artiklane deira fungerer her som eit referansepunkt for generelle reglar for kvalitative metaanalysar. Dei held fram at slike arbeid skal vere iterative og gi eit synergisk resultat: Ein skal ta omsyn til primærartiklane sine tolkingar, medan analysen samtidig skal generere ny, fortolka mening på eit samla nivå (Weed, 2005).

Samansettinga av metodiske inngangar er valt ut frå problemstillingane og det empiriske grunnlaget. Dette er vidare grunna i ei tru på at dei ulike metodiske inngangane kan utfylle kvarandre for det første, og for det andre i at berre éin aleine ikkje vil vere tilstrekkeleg for å finne gode og pålitelege svar.

2.4 Metodiske implikasjonar

2.4.1 Tolking

The impress of power and ideology on language is not self-evident, and it is not something that you can necessarily escape from in particular instances by virtue of being aware of it in general. (Fairclough, 2001:13)

I hermeneutisk forsking må ein tolke for å forstå. Som sitatet over antydar, er ein lasta med ideologi som ein ikkje kan unngå. Derfor kan vi seie at tolking inneber subjektivitet, som vil ha innverknad på kva ein ser. Tolking – og ideologi – angår både meg, dei respektive forfattarane og informantane. Meiningane og erfaringane til informantane, anten i kvantitativ eller kvalitativ forstand, har allereie blitt tolka av dei sjølve. Informanten har ei mening og eit svar på kvifor han/ho gjer som han/ho gjer, og oppfatninga av kvifor ein sjølv gjer som ein gjer, samsvarer ikkje nødvendigvis med det som *eigentleg* ligg bak. I forsking vil desse ytringane på nytt måtte bli tolka og kategorisert av forskarane, noko som føreset nok eit lag med subjektivitet – våre eigne forståingar vil setje premissane for korleis vi tolkar.

Det er altså fleire lag med tolking i spel, og fordi konteksten utgjer ein sentral del av ein slik kvalitativ metaanalyse, kan ikkje informasjon takast ut av kontekst utan vidare. Weed (2005) framhevar at for å ta vare på konteksten, er primærtolkinga viktig i ein metaanalyse. Både diskursanalysen, kritisk hermeneutikk og målet med ein kvalitativ metaanalyse legg likevel opp til at datasettet skal bli fortolka på eit nytt teoretisk nivå. I tråd med metodevala som er gjort, vil eg derfor også måtte leite mellom linjene, på kritisk jakt etter svar. Sjølv om eg vil behandle empirien kritisk, er eg ikkje ute etter å kritisere eller dra i tvil det arbeidet som desse forskarane

har gjort, ei heller å ta det ut av kontekst. Men mitt tolkingsarbeid vil, saman med dei teoretiske konsepta, vere basert på mine eigne forståingar og tolkingar. Det dei ulike forfattarane skriv i sine arbeid, og korleis stoffet er tolka og kommunisert, vil derfor nødvendigvis ha konsekvensar for mine svar.

I likskap med Habermas poengterer Jørgensen og Phillips (1999) at det kan vere vanskeleg å forske på saker i ein kontekst som ein sjølv er ein del av og har eigne førestillingar om, spesielt når ein ser på samfunnet som eit sosialt konstruert produkt. Dette er spesielt relevant når ein i tillegg skal vere kritisk. Sjølv om ein ikkje kan fjerne seg frå ein slik prosess, er løysinga dei foreslår, i praksis at ein er medviten kvar ein sjølv står i høve til desse diskursane, og kva konsekvensar dette kan ha. Forsking blir då legitim ved å bruke bestemde teoriar for å framandgjere seg sjølv og heller gjennom teorien stille spørsmål om eigne oppfatningar (Jørgensen og Phillips, 1999: 32-33).

Vi kan altså ikkje snakke om *objektiv* kunnskap eller informasjon på nokon av nivåa i empirien. Tolkinga blir på fleire nivå ein kontekstuell prosess. Eg har tolka i tråd med eit teoretisk og metodisk bakteppe, som igjen er premissgivande for dei konklusjonane eg kan trekke. Samtidig set dette bakteppet meg inn i ein tradisjon som påverkar mine slutningar. Vel vitande om dette har eg derfor lagt vekt på at dei metodiske prinsippa for analysen blir gjort tydeleg greie for.

2.4.2 Kva forskar vi eigentleg på?

Noko som fort påverkar validiteten til eit forskingsarbeid, er om ein faktisk undersøker det ein prøver å undersøke. I dei ulike studiane er det tilsynelatande ingen av forskarane som har avklart mellom seg og informantane (hos nokre også mellom seg og lesaren) kva dei meiner med «nynorsk». Kan vi anta at elevar har same forståing av omgrepene som lingvistar? For nokre er «nynorsk» kanskje berre namnet på sidemålskarakteren, medan det for ein språkforskar gjerne ligg meir i omgrepene: ein tekstkultur, eit minoritetsspråk, identitetshandlingar, språkhaldningar og meir. Forståingane kan også variere mellom elevar: For nokre er nynorsk eit bevisst identitetsuttrykk, for andre er det berre eit tal og ein rubrikk på vitnemålet. Dette er eit tema som *kan* vere problematisk, men ikkje treng å vere det. I dei tilfella det har blitt gjort spørjeundersøkingar, kan det likevel vere vanskeleg å seie noko om validiteten til svara dersom kva ein meiner med spesifikke omgrep ikkje er blitt gjorde tydeleg greie for. Til dømes bruker Øvreliid prekoda spørsmål fordi ho viser til at opne spørsmål helst bør brukast på «lite kjende fenomen», altså impliserer ho at nynorsk er eit «kjent» fenomen. Vidare peiker ho på at det er

iktig å stille så «spesifikke spørsmål som mogleg» for å få svar på det du spør om (2014: 45).⁴ Samtidig er det lite teikn til at kva «nynorsk» og «bokmål» betyr, for forskaren eller informantane, har blitt presisert. Dette kan vere teikn på at forståinga av «nynorsk» blir tatt for gitt. Eg må derfor godta at det *kan* vere ein viss skilnad i kva forskarar, elevar og lærarar snakkar om, men at alle desse studiane uansett viser haldningar og handlingar knytte til omgrepene «nynorsk» – på ein eller annan måte.

Eit anna spørsmål angår om forskarar eigentleg kan stole på informantar. I all forsking vil det alltid vere ein sjanse for at informantane heller svarer det dei oppfattar som sosialt akseptert, eller det dei trur forskaren ønsker å høyre.

2.4.3 Empirien: ulike empiriske, metodiske og teoretiske utgangspunkt

Fordi sosiolingvistikken omfattar mange forskingsobjekt og kan inkludere forskjellege metodiske og teoretiske utgangspunkt, blir dei ulike forskingsarbeida ofte forskjellige. Kva perspektiv ein bruker, vil som sagt påverke korleis ein oppfattar det ein forskar på, og dermed ha implikasjonar for kva konklusjonar ein kan trekke (Akselberg & Mæhlum, 2011: 75).

Studiane eg har brukt, er av den grunn naturleg nok litt ulike. I kvalitative studiar kan konteksten ha mykje å seie for konklusjonane, og ein bør derfor vere omfattande i behandling av empirien for å sikre validiteten, ifølgje Timulak (2009: 593). For denne oppgåva avheng validiteten av kva empiri eg inkluderer, og på kva måte eg bruker han. Mitt arbeid kviler på andre sine data og tolkingar, og eg kan på den måten ikkje ha full kontroll over validiteten i empirien. Mellom anna vil ikkje dei fullstendige datasetta vere tilgjengelege for meg, og eg må ta utgangspunkt i informasjonen slik den er presentert, som ofte kan vere kortfatta og ufullstendig.

Risikoen i å gjere ein kvalitativ metaanalyse ligg altså i at dei valde studiane kan vere ulike. Likevel kan svært rigid metodologisk forsking munne ut i overflatiske resultat, medan andre kan ha meiningsfulle svar, men mangle tilsvarande metodisk reliabilitet. Timulak framhevar dette som eit potensielt hinder som kan føre tolkinga i ei svært deskriptiv retning (2009: 593).

Eg har valt å ikkje halde meg strengt til éin eksisterande metodikk. Då er det også få formelle strukturar som automatisk sikrar reliabiliteten. Å tydeleggjere dei prosessane som ligg bak konklusjonane, er med tanke på dette, desto viktigare for at mi oppgåve skal ha tilstrekkeleg reliabilitet (Weed, 2005). Ei meir spesifikk utgreiing av framgangsmåten er derfor gjort greie

⁴ Her støttar Øvreliid (2014) seg til Johannessen, A., Tufte, P. og Christoffersen, L (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. (4.utg.). Oslo: Abstrakt forlag.

for seinare (i kapittel 3.2.1 *Prinsipp for den komparative analysen* og 4.1 *Prinsipp for den kritiske diskursanalysen*).

3. Empiri

Dei neste avsnitta gir ein kort introduksjon til empirien som ligg til grunn for analysen. Desse delane viser fram hovudresultata frå rapportane og masteroppgåvene, samt nokre andre relevante detaljar som storleik på studien og geografisk område. I eit forsøk på å skape litt oversikt, er alle rapportane og oppgåvene framstilt i ein tabell avslutningsvis i denne delen. I del 3.2 *Komparativ analyse av resultata i empirien* har eg samanlikna og syntetisert resultata slik dei er framstilt i empirien, og viser fram hovudmønster og avvik som har blitt tydelege gjennom sorteringa av empirien.

3.1 Presentasjon av empiri

3.1.1 Rapport: Garthus, K.M.K. (2009). *Rapport om språkskifte i Valdres.*

Målstreken.

Denne rapporten er ein del av prosjektet *Målstreken* og er utført i samarbeid med Noregs Mållag. Prosjektet tar føre seg 414 elevar ved Valdres vidaregåande skule, der mange av elevane kjem frå skular med nynorsk som opplæringsmål, og nokre kjem frå skular med bokmål som opplæringsmål. Elevane er henta frå fleire trinn og frå fleire studieprogram. Rapporten baserer seg på ei spørjeundersøking og er i hovudsak kvantitativ.

Rapporten viser at fleire jenter forlét nynorsken enn gutter. Den viser også at skiftet startar tidleg: Heile 37 % byter hovudmål mellom barne- og ungdomsskulen. Karen Marie Garthus viser også til ein samanheng mellom at elevane som vel bokmål også vil bu i byen. Av dei som har valt Valdres som framtidig bustad, finn ho likevel både elevar med bokmål og nynorsk som hovudmål. Elevane som har éin eller begge foreldre frå ein annan stad enn Valdres, byter oftere enn dei med begge foreldre frå Valdres, men dette er ikkje trekt fram som ein sentral konklusjon.

Garthus finn fleire negative haldningar til nynorsk enn til bokmål hos begge elevgruppene. Spesielt er dei som har skifta frå nynorsk til bokmål, negative: 65 % har på spørsmål om kor godt dei liker å skrive nynorsk, haka av på eitt av dei to mest negative alternativa. Relativt sett er det også ein forskjell: 46 % av dei som har skifta hovudmål, seier at dei liker svært godt å skrive bokmål, mens berre 26 % av dei som har nynorsk som hovudmål, seier det same om sitt hovudmål. Å skrive dialekt er derimot veldig populært blant alle elevane.

Dei fleste elevane med nynorsk som hovudmål grunngjev valet sitt med at det er ein vane, eller at det ligg nære dialekta. Blant elevane som har valt bokmål, eller skifta til bokmål, dominerer argumenta om at bokmål er enklare og meir vanleg.

3.1.2 Masteroppgåve: Idsøe, T. (2016). *Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? Ei undersøking av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelt område i Hordaland*

Thea Idsøe har gjennomført ei undersøking ved tre ulike skular med til saman 166 informantar: ein skule i Voss, som ligg i kjerneområdet for nynorsk; ein i Odda, eit språkdelt samfunn der elevane går i delte klassar i heile grunnskulen; og ein skule i Sotra utanfor Bergen, i randsona for nynorsk. Idsøe bruker det same spørjeskjemaet som i *Målstreken* (Garthus, 2009), og undersøkinga er altså kvantitativ. For mitt arbeid er resultata frå Sotra dei mest relevante.

Oppgåva viser at mange av elevane som har bytt hovudmål, har ein av eller begge foreldra frå Bergen. Gjennom spørsmål om haldningar viser Idsøe i likskap med Garthus at elevane har meir positive haldningar både til dialekt og bokmål enn til nynorsk. Av dei tre skulane er elevane frå Sotra dei mest negative til nynorsk. I rapporten er det fire av elevane som synest at nynorsk hører saman med det gamaldagse og rurale.

På Sotra viser mange til vaneargumentet for å skrive nynorsk, medan nokre også er opptekne av språksikring. Blant dei som har bytt hovudmål, er meistringsargumentet det mest dominerande. Det viser seg dessutan at elevane, uavhengig av skule, er lite lojale mot hovudmålet sitt og ofte skriv dialekt på privat basis. Idsøe konkluderer med at språkleg stabilitet på individnivå er ein viktig føremon for å halde på nynorsk.

3.1.3 Masteroppgåve: Kleggetveit, I. (2013). *Eg eller jeg? – Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder*

Fokuset i prosjektet til Ingunn Kleggetveit er å sjå om det er ein samanheng mellom val av skriftspråk og det å uttrykkje ei lokal og rural livsverd. Ho ser også på kva argument elevane bruker for å forsvere valet av hovudmål. Undersøkinga er kvantitativ i form av eit spørjeskjema, og kvalitativ i form av intervju med ei gruppe informantar. Undersøkingane er gjort ved to vidaregåande skular i Indre Agder og omfattar 49 informantar. Ho finn at mange byter hovudmål på vidaregåande, noko som skil seg frå det Garthus (2009) finn, men samsvarer med Krogsæter (2017) og Øvrelid (2014).

Kleggetveit har fokus på sosiale variablar, og ho gjer ein grundig kvantitativ analyse av samanhengen mellom det rurale og nynorsk. Ho finn ein korrelasjon mellom å uttrykkje positive haldningar til heimstaden og det å ha nynorsk som hovudmål, sjølv om slike haldningar også til ein viss grad er synlege blant dei som har valt bokmål. Korrelasjonen mellom å bruke dialekt og det rurale er likevel enda sterkare blant dei som også har nynorsk som hovudmål.

Samvariasjonen er tydeleg på gruppenivå, men gjennom intervjuer viser Kleggetveit til at dei individuelle forskjellane er store, og at bildet er samansett.

Elevane som har valt nynorsk, argumenterer med at det er nyttig å kunne, og med at det heng saman med dialekta deira. Identitetskategorien er også noko synleg her. Elevane som har valt bokmål, seier at dei meistrar skriftspråket betre, eit resultat som også er synleg i dei andre oppgåvene og rapportane.

3.1.4 Masteroppgåve: Krogsæter, M. N. (2017). «Eg føler nesten at me berre har eitt skriftspråk no, at det er bokmål»: ei sosiolingvistisk undersøking av hovudmålsval og språkskifte i ungdomsskulen og i vidaregåande utdanning.

Marit Nerås Krogsæter har undersøkt språksituasjonen ved to vidaregåande skular i Ålesund og ved ein ungdomsskule i Haram, der nynorsken står sterkt. Møre og Romsdal har tradisjonelt blitt rekna som eit kjerneområde for nynorsk, men i skulane i Ålesund står bokmålet sterkt. Ho har eit utval på totalt 82, men informantane som har nynorsk ved dei vidaregåande skulane, er svært få. Krogsæter har i likskap med Kleggetveit intervjuet fire informantar, og arbeidet kan med andre ord beskrivast som både kvalitativt og kvantitativt.

Blant elevane ved Brattvåg ungdomsskule er *omgjevnad* og *vane* ofte brukte argument for å skrive nynorsk. Av gruppa som har skifta hovudmål ved dei vidaregåande skulane, er manglande kompetanse i nynorsk det mest brukte argumentet. I intervjuer viser det seg at manglande opplæring, og at det er «gamaldags» og «flaut» å bruke, er grunnar til å byte. Dei som held på språket, argumenterer ut frå at nynorsk heng saman med identiteten deira, men trekker fram at dei har nynorsk trass i at dei fleste lærarane bruker bokmål.

Samanlikna med dei andre oppgåvene er grunngjevingane til elevane på det opne spørsmålet om kvifor dei har valt det hovudmålet dei har, mykje meir negative i ordlyd.

3.1.5 Masteroppgåve: Stemshaug, A. (2015). Å vere nynorskelev i ei bokmålsverd. Ein kvalitativ kasusstudie av nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål.

Ane Stemshaug utfører prosjektet sitt ved ein ungdomsskule som bruker nynorsk som opplæringsmål i Møre og Romsdal. Prosjektet skil seg frå dei andre fordi elevane ikkje (enda) har bytt til bokmål, men snart skal starte på ein vidaregåande skule i nærleiken, der bokmål dominerer. Arbeidet er både kvantitativt og kvalitativt, og Stemshaug skildrar det sjølv som ein kasusstudie. Stemshaug utfører ei spørjeundersøking med 36 informantar, intervju med 6

elevar, og har i tillegg intervjuet eit par lærarar, og tilsette i administrasjonen på nokre nærliggande vidaregåande skular.

Undersøkinga viser at elevane er svært mottakarbevisste og ofte bruker bokmål og dialekt i situasjonar utanfor skulen. Elevane Stemshaug har intervjuet, svarer også at dei synest at nynorsk burde ha vore eit nøytralt språk for heile Noreg, men at det ikkje er det. Elevane vel vidare sjeldan å presentere seg sjølv med nynorsk, og Stemshaug viser til at dei vil unngå ein «nynorsk identitet», og det elevane knyter til dette. Dei identifiserer seg ikkje som typiske nynorskbrukarar, men trekker fram at dei berre tilfeldigvis skriv nynorsk fordi dei går på ein nynorsksskule. Dei ser på dialekt som ein viktigare identitetsmarkør enn nynorsk.

Det er tydeleg at elevane i Stemshaug sin studie ser på ein typisk nynorskbrukar som ein gamaldags person frå rurale strøk, medan ein typisk bokmålsbrukar er sett på som ung og frå urbane strøk.

3.1.6 Rapport: Proba Samfunnsanalyse (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*

Denne rapporten er utarbeidd for Utdanningsdirektoratet ved Proba samfunnsanalyse, med Pia Dybvik Staalesen som prosjektleiar. Rapporten har, i tillegg til dokumentanalyse og ei spørjeundersøking, undersøkt lærarutdanningar og intervjuet lærarar, skuleleiing, foreldre og elev. Rapporten er gjennomført ved to vidaregåande skular og ein ungdomsskule i fylka Hordaland, Rogaland og Telemark.

Elevane som har bytt hovudmål, fortel at mengda bokmål dei møter i samfunnet, gjer at dei blir betre i bokmål enn nynorsk. Mange seier også at bokmål påverkar dialekta deira, og at bokmål då blir lettare å skrive. På den andre sida seier dei som framleis har nynorsk, at målforma reflekterer kven dei er, og kvar dei kjem frå. Likevel nemner dei at bokmålsdominansen gjer nynorsk vanskelegare å skrive.

Elevane svarer at sjølv om det blir betre skolemateriell, om lærarane får betre kompetanse, og om det blir meir nynorsk i undervisinga, vil ikkje det bøte på presset frå bokmål og kunne stoppe trenden. Rapporten drar fram dette, men hevdar likevel at slike faktorar kan hjelpe til på at elev med nynorsk som hovudmål får ein trygg arena der dei kan utvikle hovudmålet sitt.

Når rapporten undersøker nynorsk i dei ulike grunnskulelærarutdanningane, viser det seg at det er stor variasjon i kva krav dei stiller til kompetanse, og kva opplæring dei gir. Alle institusjonane forventar likevel at lærarstudentane har lik kompetanse i begge målformene, men ingen har system for å sikre dokumentasjon på denne kompetansen.

3.1.7 Masteroppgåve: Øvrelid, I. N. (2014). Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Påverknad og haldningar.

Iselin Nevstad Øvrelid har gjennomført ei undersøking ved to vidaregåande skular i randsona, Molde vidaregåande skule og Fagerlia vidaregåande skule i Ålesund. I tillegg har ho gjennomført den same undersøkinga ved Volda vidaregåande skule, ein skule i kjerneområdet for nynorsk. Utvalet er på til saman 500, og av desse er 387 frå randsoneskulane i Molde og Ålesund. Arbeidet er i hovudsak kvantitativt.

Øvrelid finn at storparten av elevane ved desse skulane skiftar på vidaregåande eller i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Mange av dei som skiftar, kjem frå nynorskkommunar rundt byane.

Der elevane har fått høve til å svare på kvifor dei har bytt hovudmål, kjem argument om at bokmål er «lettare», ofte fram. Dei to andre kategoriane Øvrelid bruker, er «mislikar nynorsk» og «mangel på læremiddel»/«at alle andre valde det», som får få svar ved skulen i Molde. Ved Fagerlia i Ålesund er den første kategorien mest brukt, men her har også den andre kategorien, «mislikar nynorsk», fått relativt fleire svar enn ved Molde vidaregåande skule.

På spørsmålet om haldningar, «kor godt liker du å skrive dette skriftspråket», har heile 100 elevar ved Molde svart at dei «vil helst ikkje skrive dette skriftspråket» til nynorsk, medan 4 har svara det same om bokmål. I motsett ende liker 115 elevar bokmål «svært godt», og 16 liker nynorsk «svært godt». Ved Fagerlia i Ålesund ser vi den same tendensen.

I konklusjonen trekker ho fram at grunnane til språkskifte er svært samansette, og avheng både av tilhøve, geografi og språkpolitiske strukturar ved dei enkelte skulane og kommunane rundt. Ho hevdar likevel at ein viktig faktor for at elevar skal halde fast ved nynorsk, er å ha nynorsk tilgjengeleg og synleg i kvardagen.

3.1.8 Oversikt over empirien

Forfattar/år /type arbeid	Tittel	Mål/problemstillingar	Metodisk design	Område, skule	Utval
Garthus, K. (2009) (master)	Rapport om språkskifte i Valdres	<ul style="list-style-type: none"> Rapporten prøver å gje svar på kvifor så mange vel å gå over frå nynorsk til bokmål som hovudmål. 	Kvantitativ	Valdres, vgs	N=414, randsone
Idsøe, T. (2016) (master)	Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? Ei undersøking av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelte område i Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> Korleis er språkskiftesituasjonen ved Sotra vidaregåande skule, Odda vidaregåande skule og Voss gymnas? Kva kjenneteiknar elevane som held på nynorsk som hovudmål gjennom heile skuleløpet? Kva kjenneteiknar elevane som skiftar frå nynorsk til bokmål som hovudmål gjennom 13-års skulegang? Kva påverkar hovudmålsvalet til elevane? 	Kvantitativ, med kvalitative trekk	Sotra, (Voss, Odda), vgs	(N=36, språkdelte) (N=65, nynorsk kjerneomr.) N=65, randsone
Kleggetveit, I. (2013) (master)	Eg eller jeg? - Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder.	<ul style="list-style-type: none"> I kva grad er det samanheng mellom å halde fram med nynorsk som skriftleg målform og å uttrykkje ei tradisjonell, lokalforankra og rural livsverd? Kva for argument brukar ungdom med nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen for val av hovudmål i vidaregåande skule? 	Kvantitativ og kvalitativ	Indre Agder, vgs	N=49, randsone 5 intervju
Krogsæter, M. (2017). (master)	«Eg føler nesten at me har berre eitt skriftsspråk no, at det er bokmål.» : ei sosiolingvistisk undersøking av hovudmålsval og språkskifte hos elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande utdanning	<ul style="list-style-type: none"> Korleis er språkskiftesituasjonen ved Brattvåg ungdomsskule, Ålesund videregående skole og Spjelkavik videregående skular? Kva faktorar påverkar elevane sine val av hovudmål på ungdomsskulen og på vidaregåande? Har elevane eit bevisst forhold til å skrive nynorsk som hovudmål? 	Kvalitativ og kvantitativ	Ålesund , vgs Brattvåg (ungdomsskule)	N=26 Ålesund, randsone. N=20, Spjelkavik, Randsone. (N=36, Brattvåg, kjerneomr.) 4 intervju

Stemshaug, A. (2015) (master)	Å vere nynorskelev i ei bokmålsverd. Ein kvalitativ kasusstudie av nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål	<ul style="list-style-type: none"> Kva slags forhold har nynorskelevar på tiande trinn til eige hovudmål, og korleis ser dei på eiga framtid som nynorskbrukarar? 	Kvalitativ og kvantitativ (kasusstudie)	Møre og Romsdal, ungdomsskule	N=36, randsone 6 intervju
Proba samfunnsanalyse. (2014). (rapport)	Undersøkelse av nynorsk som hovedmål	<ul style="list-style-type: none"> Hvilken rolle spille ulike aktører for valg av målform og hva er årsaker til at elevene bytter hovedmål? Hvordan dokumenterer og sikrer forskjellige lærerutdanningsinstitusjoner at studentene får kompetanse i både nynorsk og bokmål? 	Kvalitativ og kvantitativ (casestudiar, dokumentanalysar, telefonintervju og statistisk analyse.)	Telemark, Rogaland, Hordaland. Ungdomsskule og to vgs	N=30 elevar med nynorsk N=15 skiftarar, alle i randsone
Øvreliid, I (2014) (master)	Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Påverknad og haldningar	<ul style="list-style-type: none"> Korleis er språkskiftesituasjonen ved Fagerlia, Molde og Volda vidaregåande skule? Kva er årsaker til språkskifte hos elevane? Kva haldningar har elevane til å bruke bokmål og nynorsk? Kva skriftspråk trur elevane at dei kjem til å bruke i framtida når dei skriv privat? 	Kvantitativ, med kvalitative trekk	Molde, Ålesund, (Volda). vgs.	N=200, Fagerlia, randsone N=187, Molde, randsone (N=113, Volda, kjerneomr.) N=387 til saman i randsone

Tabell 3.1. Systematisk oversikt over inkluderte studiar

3.2 Komparativ analyse av resultata i empirien

Målet med denne oppgåva er å finne svar på kva nokre av årsakene kan vere til at så mange elevar i randsone byter til bokmål som hovudmål, og korleis vi kan forklare dette mønsteret. Dei fleste masteroppgåvene og rapportane presenterer kva elevane sjølve seier er årsakene. Med bakgrunn i det har eg i det følgjande gjort ein komparativ analyse, der eg har syntetisert resultata slik dei er tilgjengelege i empirien. Hovudmålet med dette er å samanlikne studiane, for å kunne peike på samanfallande tendensar i kva som er rapportert i dei ulike randsone. Resultata er syntetisert der det går an, så ryddig og objektivt som eg har klart.

I empirien finn eg omgrepene «nynorskelevar» og «bokmålelevar». Omgrepa er i seg sjølve problematiske, fordi hovudmålet elevane har valt, ikkje nødvendigvis reflekterer heilskapen i den språklege praksisen deira. Elevane skiftar hovudmål kanskje både éin, to og tre gonger, og analysen vil vise at elevane har eit fleksibelt forhold til språk. Informantane kan til dømes nytte

skriven dialekt privat, nynorsk i norskfaget og bokmål i andre situasjonar. «Nynorskelev» er dermed eit lite dekkande omgrep. Eg har av den grunn valt å bruke omgropa «elevar med nynorsk/bokmål som hovudmål», men eg har ikkje endra desse termene i dei utdraga eg bruker.

3.2.1 Prinsipp for den komparative analysen

Som eg har vist, er ikkje alt utan vidare samanliknbart, og det er viktig å ta omsyn til dette idet ein skal syntetisere ei rekke resultat. Denne utfordringa viser seg mellom anna i korleis dei ulike forfattarane har tolka og kommunisert resultata, kva spørsmål dei har stilt, korleis spørsmåla er formulerte, og kva dei har fokusert på og inkludert. Dei temaa som går igjen i fleire av oppgåvene, har trakka stien for den komparative analysen. Ut frå kategoriane som utmerka seg, har eg systematisk gått gjennom empirien og sortert og syntetisert den relevante informasjonen.

Nokre av rapportane og oppgåvene inneholder stoff som går utanfor problemstillingane mine, og desse delane vil ikkje bli tatt særleg omsyn til i denne analysen. Alle dei ulike arbeida studerer likevel i større eller mindre grad årsaker for skifte av hovudmål, og faktorar som påverkar dette skiftet. Ut frå korleis denne informasjonen blir framstilt, er det godt grunnlag for å kunne syntetisere dette i nokre hovudpunkt.

Arbeida representerer vidare informasjon frå ei rekke randsone i Noreg. Ettersom eg ser alle informantane uavhengig av kva randsone dei høyrer til, kan det vere verdt å merke at ransonene i utgangspunktet er forskjellige⁵, og det same er informantane. Det kan altså vere ei rekke faktorar som kan spele inn på resultata, men som eg ikkje kan ha oversikt over.

I analysen har eg valt å halde meg til nokre hovudmønster som går att i dei forskjellige arbeida. Krogsæter (2017), Idsøe (2016) og Kleggetveit (2013) bruker nærmast identiske kategoriar for å sortere argumenta for byte av hovudmål. Både Idsøe og Øvreliid har late seg inspirere av spørjeskjemaet til Garthus (2009) i prosjektet *Målstreken* (Idsøe, 2016: 45; Øvreliid, 2014: 11). Øvreliid (2014) har andre og færre kategoriar enn fleirtalet, så desse resultata er sorterte på nytt der det har late seg gjere. Garthus (2009) og Proba samfunnsanalyse (2014) framstiller resultata i noko kortare format, men her vil også informasjonen som lèt seg samanlikne, bli tema for syntesen. I tillegg undersøker ein del av arbeida haldninga. Denne informasjonen er til ein viss grad inkludert fordi han kan seie noko om kvifor mange vel vekk nynorsk. Desse resultata vil etter kvart også bli relevante for den kritiske diskursanalysen.

⁵ Ein slik variasjon kan til dømes vise seg i ulik geografi, kultur og demografisk samansetting, men dette er faktorar eg ikkje har oversikt over, og som eg ikkje kan ta omsyn til i denne analysen.

For å rekne ut dei nye tala, er variasjonen i dei ulike studiane tatt omsyn til, slik at omfanget blir reflektert. Det vil seie at ein liten studie med 20 informantar ikkje vil vege like tungt som ein med 200 informantar. I praksis vil dette innebere at utvala blir slegne saman til éin populasjon, og dei ulike prosenttala blir rekna om til absolutte tal, før dei blir sett inn i syntesen. Alle informantane som har vore med i alle studiane, utgjer altså til saman 100 %. Resultata frå dei små studiane vil då naturleg vektast lettare i forhold til dei store studiane, og eitt svar er lik eitt svar uavhengig av kva studie eller randssone informanten høyrer heime i.

3.2.2 Nokre generelle tendensar

I dette avsnittet vil eg kort samanfatte nokre av resultata som utpeiker seg i empirien. Det omfattar faktorar som kjønn, utdanningsambisjonar og påverknad.

Det er vanskeleg å skilje ut eit typisk mønster for kven som skiftar frå nynorsk til bokmål, sjølv om fleire forskrarar har tatt omsyn til mange av dei same sosioøkonomiske variablane. Felles for alle arbeida er likevel at dei er utførte i randsoner, der nynorsk er pressa av bokmål, og at når elevane der begynner på ein bokmålsdominert skule, vil dei mest sannsynleg legge frå seg nynorsken.

Nokre funn som utmerker seg i empirien er:

- Garthus (2009: 5) og Kleggetveit (2013: 87) finn begge tal som tyder på at det er fleire gutter enn jenter som held på nynorsk. Men verken Øvreliid (2014) eller Proba samfunnsanalyse (2014) finn noko som tyder på dette. Idsøe peiker på at 80 % av gutane på Sotra har skifta, mot 82% av jentene, men at kjønnsfordelinga i utvalet hennar er skeivt og derfor kan forstyrre resultatet (2016: 60). Krogsæter (2017) og Stemshaug (2015) har valt å utelate kjønn frå resultata. Fleire peiker til litteratur som seier at jenter tilpassar seg meir enn gutter, og foreslår at dette kan forklare desse resultata.
- Den geografiske bakgrunnen til foreldra ser ikkje ut til å ha stor forklaringskraft. Garthus (2009), Idsøe (2016) og Kleggetveit (2013) har undersøkt dette. Idsøe (2016) er den einaste som finn tydeleg at mange av dei som vel bokmål, har ein eller begge foreldre frå byen.
- Svært mange bruker dialekt som skriftspråk i uformelle situasjonar og bokmål og nynorsk i formelle situasjonar. Det er noko som er tydeleg i Stemshaug (2015), Proba samfunnsanalyse (2014), Garthus (2009) og Idsøe (2016). I formelle skrivesituasjonar, om det er e-post til læraren eller jobbsøknad, er bokmål mest brukt totalt. Også ein del

elevar med nynorsk som hovudmål bruker helst bokmål her (Idsøe, 2016: 63; Stemshaug, 2015: 38; Garthus, 2009: 17).

- Det ser ikkje ut til å vere store forskjellar i utdanningsambisjonane blant elevgruppene. I Valdres er det litt fleire av elevane som har bokmål, som ser for seg å gå på universitet eller høgskule, men ikkje mange nok til å anta ein samanheng mellom utdanningsambisjon og hovudmål. Rundt 65 % av dei som har bokmål, svarer høgskule eller universitet, medan det same gjeld for over 50 % av dei som har nynorsk. Hos Kleggetveit seier derimot over 70 % av elevane som har nynorsk, at dei vil ta høgare utdanning, medan det same gjeld for ca. 67 % av dei som har valt bokmål som hovudmål (Garthus 2009:13; Kleggetveit, 2013: 91).
- Dei ulike studiane viser forskjellige resultat med tanke på når skiftet skjer. Tala fra Krogsæter (2017), Øvreliid (2014), Garthus (2009), Idsøe (2016) og Kleggetveit (2013) peiker i ulike retningar, og det kan sjå ut til at tidspunktet for skiftet varierer ut frå kva skule eller randsone tala er henta frå. Dette kan henge saman med kva informasjon dei aktuelle elevane blir gitt om val av hovudmål, om dei får høve til å byte, eller andre omstende. I Møre og Romsdal og Agder skiftar mange på eller i overgangen til vidaregåande skule (Øvreliid, 2014; Kleggetveit, 2013). Mange i Valdres gjer skiftet tidleg: Nokre skiftar allereie i barneskulen, og nokre i overgangen til eller på ungdomsskulen (Garthus, 2009). Proba samfunnsanalyse viser også til ein liknande variasjon i dei tre randsonene rapporten tar føre seg (Proba samfunnsanalyse, 2014: 31).
- Sjølv om dei fleste studiane konkluderer med at det *ser ut til* å vere elevane sitt eige val, er det nokre studiar som viser til at nokre få elevar blir påverka av lærarar eller vener og familie. I Øvreliid (2014: 71) har 20 % av elevane som har skifta, oppgitt at lærarar eller foreldre oppmoda dei til å skifte. Også Stemshaug (2015: 65) viser til at mange har svart familie og vener på dette spørsmålet. Men Krogsæter (2017: 39) finn det same for berre 1,6 % av informantane sine. I Proba samfunnsanalyse (2014: 42) blir også dette drøfta, men det er lite som tyder på at dette utgjer ein stor faktor i skiftet.
- Jamt over er haldningane til nynorsk meir negative enn til bokmål i alle randsonene, også blant elevane som har nynorsk som sitt hovudmål. Dette er noko eg vil kome tilbake til i avsnitt 3.2.5 *Haldningar*.

3.2.3 Kva grunngjevingar har elevane for å byte frå nynorsk til bokmål?

Tabell 3.2 nedanfor viser eit bilde av kva årsaker elevane sjølve gir på spørsmål om kvifor dei har bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål. Tabellen viser absolutte tal, noko som også får fram

storleksforskjellane på studiane. Summen i den nedste rada viser talet på argument. Ein elev kan nemne fleire argument, og dei tala eg viser fram, er altså tal på argument, ikkje hovudgrunnen til dei enkelte.

Kategoriane som inngår i sorteringa av hovudmålsargumentasjonen, er den same som er gjort i fleire av dei respektive arbeida⁶. Kategoriane er *omgjevnad, kompetanse, identitet og tilhøyrsel, estetikk* og *språkpolitiske argument*. Den første kategorien, *omgjevnad*, inkluderer vaneargument («har alltid hatt det»), tilfeldigheiter, og at mange rundt dei i samfunnet bruker nynorsk. Kategorien *kompetanse* svarer til grunngjevingar om at det eine språket er lettare enn det andre, at dei meistrar det betre, eller at å kunne bokmål godt er meir nyttig. Under *identitet og tilhøyrsel* finn vi svar som seier at det er naturleg for dei, at dei identifiserer seg med språket, eller at det liknar dialekta. Argument som «det er meg» er også plassert her. *Estetikk* omfattar verdidommar tillagt skriftspråka, mellom anna at det aktuelle skriftspråket er «finare» eller «styggare». Her er også argument som «likar best» plasserte. «Likar best å skrive» er derimot plassert i *kompetanse*, fordi det seier noko om kva elevane synest er lettast å bruke. *Språkpolitiske argument* omfattar språkpolitikk, og her er også argument som handlar om protest. Garthus (2009) og Proba samfunnsanalyse (2014) går ikkje nøye inn på desse resultata, men dei relevante resultata vil bli tilføydde som kommentar.


Som eg tidlegare har nemnt, er det ganske mange som har bytt hovudmål allereie i barneskulen eller i overgangen til ungdomsskulen. Det vil for nokre av informantane derfor kunne vere lang tid mellom skiftet og tidspunktet undersøkinga blei gjort. Nokre av forskarane spør om *argumentasjon for hovudmålet*, medan andre spør om *årsakene til bytet*. Det er vanskeleg å vite korleis undersøkingane har blitt formidla, korleis elevane har tolka spørsmåla, og i kva grad det elevane svarer, samsvarer med det dei tenkte på då dei bytte. Grunngjevingane reflekterer uansett det elevane argumenterer med på det tidspunktet dei gjennomførte undersøkinga.

Argument	Sotra (Idsøe)	Indre Agder (Kleggetveit)	Ålesund (Krogsæter)	Molde, Ålesund (Øvreliid)	Totalt
Kompetanse	49	34	16	54	153
Omgjevnad	13	8	4	17	42
Estetikk	1	1	1	12	15
Identitet, tilhøyrsel	13	11	4	11	39
Språkpolitiske argument	2	2	1	6	11
Sum argument	78	56	26	100	260

Tabell 3.2: Argument for å skifte frå nynorsk til bokmål, absolutte tal

⁶ Dette gjeld ikkje Øvreliid (2014), som bruker andre kategoriar. Øvreliid inkluderer likevel alle svara i tabellar, og eg har sortert dei på nytt inn i dei same kategoriane.

Tala varierer litt frå randsone til randsone, men prosentvis er det ikkje store forskjellar. Allereie ut frå *tabell 3.2* blir det synleg at kompetanse er den kategorisk mest rapporterte årsaka til bytet, som utgjer over halvparten av alle argumenta. Den språkpolitiske kategorien er igjen den minste, med berre 11 av til saman 260 argument.



Figur 3.1: Årsaker til å skifte frå nynorsk til bokmål, prosent. Tal henta frå Kleggetveit (2013), Idsøe (2016), Krogsæter (2017) og Øvreliid (2014).

Kategorien for *kompetanse* og nytteverdi har over 58 % av argumenta, og *identitet, tilhøyrsel* har i overkant av 16 %, rett ved *omgjevnad* som også inneheld 16 % av argumenta. Figurane inkluderer ikkje Garthus (2009) eller Proba samfunnsanalyse (2014) fordi desse rapportane ikkje viser så nøyaktige tal. Studien til Stemshaug (2015) er utelaten fordi ho tar utgangspunkt i elevar som ikkje har bytt enda⁷. Både Garthus (2009) og Proba samfunnsanalyse (2014) har likevel undersøkt argumentasjon blant elevane, og finn resultat som speglar tendensen *figur 3.1* viser. Garthus nemner at kompetanseargumentet gjeld for over halvparten av svara (2009: 21), men at *identitet* og *omgjevnad* også utgjer store deler av argumentasjonen. Proba samfunnsanalyse peiker også på kompetanseaspektet. Elevane hevdar at nynorsk og dialekt kan vere vanskeleg å skilje, at det er mange former, eller at dei ikkje lærte det godt nok på ungdomsskulen til å halde fram med nynorsk på vidaregåande (Proba samfunnsanalyse, 2014: 36).

At mange byter hovudmål taktisk for å få betre karakter i hovudmålet sitt, er noko mellom andre Norsk Målungdom (2012)⁸ og Ottar Grepstad (2012b) tidlegare har hevdta. I dei arbeida som

⁷ Studien er gjort i ein randsone, og det er sannsynleg at fleire av desse elevane vil bytte når dei begynner på vidaregåande.

⁸ Denne undersøkinga har også fått kritikk for vere vitskapeleg lite påliteleg (sjå Øvreliid, 2014: 28), og er dessutan svært lita i omfang.

tar føre seg dette, er det lite belegg for å ein tydig anta dette. Proba samfunnsanalyse konkluderer med at elevane er ute etter eit arbeidsverktøy, og at dei vel det som er enklast (2014: 37). I denne studien var det ingen av elevane som ytra ønske om betre karakter som grunnlag. Idsøe (2016: 74, 95) finn det same.⁹ Nokre av elevane hos Idsøe har likevel svart at dei meiner det er lettare å få god karakter i nynorsk, men ingen av dei oppgir dette som årsak for bytet. Krogsæter viser i undersøkinga si at halvparten av informantane meiner at det er lettare å få betre karakter med bokmål som hovudmål. Nokre av intervjuobjekta i Krogsæter reflekterer også rundt dette, og ho viser til at Garthus finn spor av karaktertaktikk i undersøkinga *Målstreken* har gjort i Firda og Valdres (2017: 53).¹⁰

Som vi tydeleg kan sjå i *tabell 3.2*, er det ganske samansett kva elevane rapporterer som grunn til å legge frå seg nynorsk som hovudmål. Den største årsaka dei hevdar sjølve, er at dei manglar kompetanse i nynorsk, eller at dei skriv bokmål betre. Dei andre kategoriene har likevel så mange svar at vi ikkje kan redusere årsaka til berre dette.

3.2.4 Er nynorskbrukarane meir språkleg bevisste enn bokmålsbrukarane?

Garthus hevdar at nynorskbrukarar må argumentere meir og annleis for språkvala sine, og at dei knyter moralske og estetiske verdiar til nynorskbruken sin. I tillegg viser ho til at elevane som har nynorsk, jamt over er meir bevisste (2009: 24). Dette er noko Idsøe (2016) også ser på, og samla er det ei klar spreiing av argument over fleire kategoriar – hovudmålsargumentasjonen er langt meir variert hos elevane som har valt nynorsk. Idsøe (2016) peikar likevel på at å finne språkpolitiske argument for nynorsk er meir nærliggande enn for bokmål. Elevane som har bokmål som hovudmål, treng ikkje å «bevare bokmålet» slik elevane som har valt nynorsk gjer. Dette kan vere ei forklaring på at elevane som har bokmål, ikkje har same variasjon i argumenta (Idsøe, 2016: 96).

Sjølv om språkpolitiske argument altså ikkje kjem spesielt tydeleg fram i svara til dei elevane som har bokmål som hovudmål, blir det for enkelt å konkludere med at elevane som har valt nynorsk, er meir bevisste på språkvala sine enn dei som har valt bokmål. Det ser ut til at mange har nytteverdi eller kompetanse som bakgrunn valet sitt, også blant elevane med nynorsk, noko som kjem fram i arbeidet til Idsøe (2016), Kleggetveit (2013) og Krogsæter (2017).

⁹ Idsøe finn også at dette argumentet blir brukt blant elevar med nynorsk i kjerneområdet for nynorsk Voss, og i Odda, som er språkdelte. Men ingen av dei som har skifta til bokmål i randsona Sotra, bruker karaktertaktikk som argument.

¹⁰ Denne undersøkinga er gjort i 2013, i etterkant av Målstreken i Valdres, og undersøker elevar med nynorsk som hovudmål i kjerneområdet komparativt til funna i Valdres. Eg har valt å inkludere den første, grunna mitt fokus på elevar i randsona.

3.2.5 Haldningar

Haldningar til å skrive bokmål/nynorsk


Fleire av undersøkingane ser på haldningar til dei to skriftspråka. Garthus (2009), Idsøe (2016), Krogsæter (2017) og Øvrelid (2014) gir elevane høve til å svare på kva skriftspråk dei liker best, eller kor godt dei liker å skrive skriftspråka. Øvrelid (2014) skil ikkje mellom haldningane til elevar med bokmål som hovudmål og dei med nynorsk, noko dei andre gjer.

I tala frå Sotra og Valdres er det ein ganske stor forskjell. I Valdres er nesten 7 % av elevane som har bokmål, positive til nynorsk, og svarer at dei liker «svært godt» å skrive nynorsk. 27,1 % av desse svarer «godt» på same spørsmål (Garthus, 2009: 15). På Sotra svarer derimot 1,9 % av den same gruppa «svært godt» og 28,3 % «godt» om å skrive nynorsk (Idsøe, 2016: 67). Elevane med nynorsk som hovudmål er meir positive til nynorsk, men framleis er det berre ein tredel på Sotra og rundt 26 % i Valdres som svarer «svært godt» om å skrive sitt eige hovudmål.

I Indre Agder spør Kleggetveit (2013: 82) om kva målform elevane best liker å skrive. Her svarer 80 % av elevane med bokmål sitt eige hovudmål, medan 20 % seier begge deler. 40,9 % av elevane med nynorsk som hovudmål svarer nynorsk, 18,20 % av desse svarer bokmål, og resten svarer «begge deler». Ved Molde vgs og Fagerlia vgs svarer 9,45 % av det samla utvalet at dei liker svært godt å skrive nynorsk, og 21,5 % «godt». I kontrast til dette svarer til saman 69 % «mindre godt» eller «vil helst ikkje skrive dette skriftspråket», der nesten halvparten (49 %) av alle informantane plasserer seg på den mest negative kategorien (Øvrelid, 2014: 80-81). Tala frå Indre Agder (Kleggetveit, 2013), Molde vgs og Fagerlia vgs (Øvrelid, 2014) er ikkje inkludert i den følgjande figuren, fordi spørsmåla er for ulike, eller fordi det ikkje er skilt på elevar med nynorsk og bokmål som hovudmål.

KOR GODT LIKER DU Å SKRIVE NYNORSK?

■ Elevar med nynorsk som hovudmål ■ Elevar med bokmål som hovudmål




Figur 3.2: Haldningar til å skrive nynorsk, basert på tal fra Garthus (2009) og Idsøe (2016)¹¹. Nokre elevar har skrive «veit ikkje», desse er ikkje representert i tabellen.¹²

I Figur 3.2 har eg samla populasjonen frå Garthus (2009) og Idsøe (2016). Figuren viser at knappe 27 % av elevane som har valt nynorsk, svarer «svært godt» på spørsmål om kor godt dei liker å skrive sitt eige skriftspråk, medan nesten 15 % svarer «ikkje så godt». 21 % av elevane som har bokmål, svarer at dei liker å skrive nynorsk «svært godt». Men nesten 29 % av den same gruppa svarer at dei helst ikkje vil skrive nynorsk i det heile tatt.

KOR GODT LIKER DU Å SKRIVE BOKMÅL?

■ Elevar med nynorsk som hovudmål ■ Elevar med bokmål som hovudmål




Figur 3.3: Haldningar til bokmål, basert på tal fra Garthus (2009) og Idsøe (2016). Dei som ikkje har svart, eller har svart «veit ikkje», er ikkje representert i figuren.

¹¹ Tala er syntetisert frå dei to studiane, slik at elevane som har valt nynorsk i Garthus og Idsøe til saman = 100%, og elevane med bokmål som hovudmål = 100 %. Denne reknemåten er også gjeldande for tala i figur 3.4 og i figur 3.5

¹² Desse tala er inkluderte i vedlegg 2, 3 og 4. Dette gjeld også figur 3.3, 3.4 og 3.5.

I denne figuren (*figur 3.3*) ser vi at over 55 % av elevane med bokmål liker å skrive bokmål svært godt. Men også 61 % av dei som har nynorsk som hovudmål, har svart at dei liker å skrive bokmål «godt». I det førre diagrammet (*figur 3.2*) blei det tydeleg at over 28 % av elevane med bokmål ikkje ville skrive nynorsk i det heile. Det talet blir ikkje spegla når vi snur spørsmålet. Begge figurane viser at nokon har svart «vil helst ikkje skrive dette skriftspråket», både om nynorsk og bokmål, uavhengig om det er sidemål eller hovudmål. Det kan tyde på at nokre unngår å skrive generelt, eller helst vel dialekt.




Figur 3.4: Haldningar til eige skriftspråk, basert på tal frå Garthus (2009) og Idsøe (2016). Dei som ikkje har svart eller har svart «veit ikkje», er ikkje representert i figuren.

Når eg samanliknar elevane sine haldningar til eige skriftspråk (*figur 3.4*), blir det klart at elevar med bokmål som hovudmål jamt over er meir positive til sitt eige skriftspråk. Over halvparten av desse liker «svært godt» å skrive sitt eige hovudmål, medan det same gjeld for under 30 % av elevane som har nynorsk. På den negative enden av skalaen er det nesten 15 % av elevane med nynorsk som hovudmål som «ikkje så godt» liker å skrive sitt eige skriftspråk. Elevane med bokmål har anten ei positiv oppleving av å skrive bokmål, eller så liker dei det ikkje i det heile tatt. Det kan vere fordi dei helst vil skrive dialekt, eller ikkje vil skrive i det heile.

Øvrelid (2014) presenterer haldningar til nynorsk og bokmål med alle informantane samla. Når eg legg saman svara til Garthus (2009), Idsøe (2016) og Øvrelid (2014) i *Figur 3.5*, ser elevane i randsonene sine haldningar til nynorsk og bokmål slik ut:

KOR GODT LIKER DU Å SKRIVE BOKMÅL/NYNORSK? ELEVGRUPPENE SETT SAMLA




Figur 3.5: Haldningar til bokmål/nynorsk, prosent. Basert på tal frå Garthus (2009), Idsøe (2016) og Øvrelid (2014). Dei som har svart «veit ikkje» eller ikkje har svart, er ikke representert.

Haldningane til nynorsk i elevgruppene sett samla viser altså at elevane jamt over liker å skrive bokmål betre, uavhengig av hovudmål. Figur 3.5 viser at over 24 % «helst ikkje vil skrive» nynorsk, mot nesten 10 % som liker det «svært godt». I dei to mest negative søylyene ligg over halvparten av haldningane til nynorsk rett over 50 %, medan nesten 90 % av elevane liker «godt» eller «svært godt» å skrive bokmål.

Haldningar til nynorsk i samfunnet

Idsøe (2016) og Garthus (2009) undersøker korleis informantane ser på nynorsk i lokalsamfunnet. Dei ber informantane ta stilling til påstanden «eg synest det er rett at me bruker nynorsk på heimstaden min, fordi det er ein del av kulturen vår her».

EG SYNEST NYNORSK BØR BRUKAST PÅ HEIMSTADEN, FORDI DET ER EIN DEL AV KULTUREN, ELEVGRUPPENE SETT SAMLA



Figur 3.6: Eg synest nynorsk bør brukast i lokalsamfunnet fordi det er ein del av kulturen her. Elevar med bokmål og nynorsk som hovudmål sett samla. Tal henta frå Garthus (2009) og Idsøe (2016).

Til saman er gode 53 % av elevane «einige» eller «svært einige» i at nynorsk høyrer heime og bør brukast på heimstaden. Men ut frå dei resterande tala blir det også tydeleg at dette ikkje er ei enerådande oppfatning. I tala til Idsøe (2016) ser det ut til at elevane med nynorsk som hovudmål står for ein god porsjon av dei positive haldningane til nynorsk på heimstaden, noko eg også finn tendensar til hos Kleggetveit (2013). Forskjellane er likevel ikkje like store i Kleggetveit (2013)¹³.

Høyrer nynorsk heime på landet og er gamaldags?

To av studiane har sett skriftspråka i samanheng med motsettingsparet rural/urban. I Stemshaug er 36 % av svara på kva som kjenneteiknar «ein typisk nynorskbrukar», kategorisert som «frå rurale strøk» (2015: 57). Om lag 33 % av karakteristikkane gitt «ein typisk bokmålsbrukar» er kategorisert som «frå urbane strøk». Dei elevane Stemshaug har intervjuia, nemner dessutan også dette spesifikt (2015: 58). «Gamaldags» blir vidare brukt for å beskrive nynorsk av tre intervjouobjekt i Kleggetveit (2013: 115, 70, 71). Proba samfunnsanalyse skriv at dei finn slike uttrykk i klasserom med mange elevar som har bokmål som hovudmål, og at fleire av informantane seier at nynorsk blir knytt til bygda (2014: 44). Dette er eit tema eg vil ta att i *4.3.1 Stigmatisering*.

Kleggetveit stiller også ei rekke andre spørsmål om rural og urban orientering, og ein kan generelt sjå ut frå resultata at elevane som har valt nynorsk, har ei meir positiv haldning til bygdemiljø, medan bokmålsbrukarane stiller seg meir nøytrale (2013: 99). I portrettintervjua til Stemshaug bruker ein av informantane nynorsk for å markere nærleik til bygda, medan ein annan bruker bokmål med motsett hensikt (2015: 131).

3.2.6 Kvar bur elevane, og kvar vil dei bu i framtida? Rural/urban orientering

Garthus koplar det å bruke bokmål til det urbane, og merker seg at dei fleste av ungdommane som vil flytte til byen, også vil byte til bokmål, eller allereie har skifta (2009: 10). Proba samfunnsanalyse presenterer eit liknande resultat: Mange ville nok ha bytt dersom dei flytta til ein stad der det var «bare bokmål» (2014: 38). Nokre av informantane til Proba samfunnsanalyse hevdar likevel at dei *iallfall* skal bruke nynorsk dersom dei skal til Oslo (2014: 38). Av dei som vil bli i bygda, er det ingen klare skilnader verken i Garthus (2009) eller Idsøe (2016). 38 % av dei som har skifta, vil bli verande på Sotra, medan litt fleire, 42 %, vil busetje seg i ein større norsk by (Idsøe, 2016: 76). Ønske om framtidig bustad lagar altså ingen klar tendens i desse studiane. Garthus koplar spørsmålet om kva skriftspråk elevane *trur* dei vil

¹³ Eg kan ikkje inkludere tala i Kleggetveit (2013) fordi spørsmålsformuleringane er for forskjellige til å kunne bli samanlikna.

bruke i framtida, med ønske om bustad i framtida, og finn at 67 % av dei som trur dei vil skrive nynorsk, også vil bu i Valdres eller i bygde-Noreg. Ein stor del, 38 %, av dei som har skifta, seier også at dei vil bu i Valdres, men i kategoriane som inneheld «by», finn vi heile 89 % av dei som har skifta hovudmål til bokmål (Garthus, 2009:12).¹⁴

Kleggetveit spør informantane fra Indre Agder om dei vil trivast i ein by i framtida. Veldig få svarer «heilt einig» på dette spørsmålet. 12,5 % av elevane med nynorsk som hovudmål har likevel svart «delvis einig». Tilsvarande for elevane med bokmål er det 24 % som svarer «delvis einig» (Kleggetveit, 2013, vedlegg 5). 41,7 % av elevane med nynorsk har haka av for kategorien «heilt ueinig», medan det same er gjeldande for 20 % av elevane med bokmål.

Kleggetveit viser vidare at 70 % av informantane som har nynorsk som hovudmål bur på gard, mot 30 % av bokmålsinformantane. Om elevane bur nært eller langt frå bygda, gir likevel lite utslag (2013: 91-93). Heile 70,8 % av dei som har nynorsk som bur på gard, kan likevel *ikkje* tenke seg å drive gard i framtida¹⁵, medan 16,7 % av desse svarer «ja, absolutt». 0 % av bokmålsinformantane kan tenke seg å drive gard (Kleggetveit, 2013: 93)¹⁶. Men basert på at Garthus (2009) og Idsøe (2016) finn andre svar, er desse tala neppe gangbare for randomer generelt, og vi må anta at bildet er meir samansett ut frå kva område ein undersøker.

3.2.7 Oppsummering

I denne analysen har eg samanlikna og syntetisert funn frå dei ulike studiane. Mange elevar i randomer byter hovudmål frå nynorsk til bokmål. Grunnane elevane rapporterer for bytet, samsvarer i stor grad mellom dei ulike studiane, men på mange av dei andre punkta dei ulike studiane undersøker, er det like mange forskjellar som likskapar.

Fleire studiar har variablar som kan seie noko om bakgrunnen til dei som skiftar. Det viser seg nokre stader ein tendens til at jenter byter oftare enn gutter. Ønske om framtidig bustad viser ingen klar tendens, men i Agder er det spesielt mange av elevane med nynorsk som kjem frå gard. Det geografiske opphavet til foreldra, utdanningsambisjonane til elevane, oppmoding frå andre eller tidspunkt for skiftet viser heller ingen klar tendens.

Argumentasjonen elevane gir for å byte, er likevel ganske samanfallande i alle randomene. Det hyppigaste argumentet i alle randomene er *kompetanse*: Over halvparten av elevane har bytt til

¹⁴ «I Valdres» utgjer ein eigen kategori, medan Garthus (2009) også har kategoriane «I ein by eller i Valdres», «i ein by eller andre stader». Det gjer at kategoriane *ikkje* ekskluderer kvarandre, og at tala her *ikkje* utgjer 100 % til saman.

¹⁵ 50 % svarer «nei, trur *ikkje* det», og 20,8 % svarer «nei, absolutt *ikkje*» av nynorskinformantane.

¹⁶ Gruppa til Kleggetveit (2013) viser totalt sett å vere veldig positiv til nærmiljøet, sjølv om tendensen er noko sterkare i nynorskgruppa.

bokmål fordi dei meiner at dei meistrar det betre. Sjølv om det frå fleire hald har blitt hevda at dette kan ha ein samanheng med karaktertaktikk på hovudmålseksamen, viser ikkje empirien at dette er hovudgrunnen. At bokmål er mest brukt i samfunnet, samt *identitet og tilhøyrsel*, utgjer også betydelege kategoriar for argumentasjonen, som er vist i *tabell 3.2* og *figur 3.1*.

Når det gjeld haldninga til skriftspråka, kan vi også finne likskapar. Det viser seg at elevane med bokmål ikkje liker å skrive nynorsk, men at dei elevane som har valt nynorsk relativt sett er meir positive til å skrive bokmål. Elevane som har valt nynorsk, har også jamt over positive haldninga til nynorsk, men ikkje *like* positive haldninga til sitt eige skriftspråk som elevane som har valt bokmål. *Figur 3.6* for bruk og nærvær av nynorsk i lokalsamfunnet viser at elevane med nynorsk er langt meir positive til nynorsk i lokalsamfunnet enn dei som har valt bokmål. Både elevar med nynorsk og bokmål som hovudmål knyter i ein viss grad nynorsk til det rurale og gamaldagse.

4. Kritisk diskursanalyse

Ein hermeneutisk kritisk diskursanalyse krev ein annan type medfart enn den som har vore tema for den komparative analysen i førre kapittel. Samanstillingane og tala frå kapittel 3 *Empiri* kjem likevel til å bli aktuelle for det følgjande. I dette kapittelet er eg ute etter å avsløre sjølvsagte oppfatningar og kritisk drøfte resultata og utsegnene i empirien. Overordna freistar eg å svare på *kva årsakene er* til at så mange elevar i randsoner byter hovudmål frå nynorsk til bokmål, og *korleis vi kan forklare dette mønsteret*. Som eg var inne på i kapittel 2 *Metodisk og teoretisk overblikk*, får perspektivet for den kritiske diskursanalysen konsekvensar for korleis empirien blir behandla. Ein del av dei opphavelege resultata vil bli sett inn i ein ny teoretisk kontekst. Som nemnt er ikkje dette for å overprøve konklusjonane dei respektive forfattarane trekker, men idet eg vel eit anna teoretisk standpunkt, vil eg også sjå og tolke meg fram til andre svar enn det dei har gjort. Dette seier noko om målet med ein kritisk diskursanalyse: Å bruke teori for å avsløre ideologi, makt eller som Habermas kallar det – falske førestillingar.

4.1 Prinsipp for den kritiske diskursanalysen

I tillegg til det generelle analytiske perspektivet eg gjorde greie for i kapittel 2, har eg valt nokre teoretiske prinsipp som kan kaste lys over tendensane som kjem til syne i empirien. Omgrepene *habitus* og *doxa* frå Pierre Bourdieu (1994) og teorien om *den usynlege handa* i språkutvikling frå Rudi Keller (1991) kan i stor grad forklare val, både på individuelt og kollektivt nivå. Desse termene vil vere sentrale i å forstå enkelthandlingar i ein større samanheng.

Slik den kommande analysen vil vise fleire døme på, har bokmål eit strukturelt overtak i samfunnet, medan nynorsk blir nedvurdert (dette skriv også Grepstad, 2012a: 216). Forskjellen mellom dei to skriftspråka gjer seg gjeldande på mange måtar, og gjennom ei rekke maktmekanismar kan vi forstå tilhøva slik dei er: Desse tilhøva kallar Ottar Grepstad (2012a) eit *språkleg hegemoni*.¹⁷ Fire av desse maktmekanismane vil vere i fokus i den kritiske diskursanalysen. Den første mekanismen eg vil ta føre meg, er *stigmatisering*. Stigmatisering er ei uformell form for diskriminering, som kan gjere seg gjeldande i trakkassering, eller at språklege val blir oppfatta som uønskte. At elevane reagerer på nynorskundervising med kommentarar som «ikkje nynorsk no igjen» eller omtalar skriftspråket som «gamaldags», kan oppfattast stigmatiserande. Den andre maktmekanismen er *marginalisering* – at nynorsk blir

¹⁷ Grepstad beskriv hegemoni slik: «kva som blir rekna for «naturleg», har å gjere med kven som utøver dominans. Tenkjemåtar som er med og rettferdiggjer ein bestemt type dominans, representerer eit hegemoni. Å ha eit hegemoni er altså å ha eit strukturelt og definisjonsmessig overtak, ofte nesten umerkeleg, slik at dominansen og makta verkar sjølvsagd eller naturleg og ikkje må grunngjevast.» (2012a: 217)

uviktig ved at noko anna er viktigare. Dette kan til dømes vere utsegn som «dette får du ikkje bruk for», eller at «engelsk er viktigare å lære» Deretter vil eg sjå på mekanismen *ignorering*. Ved ignorering tar ein ikkje side, eller gløymer rett og slett den språklege situasjonen. Då blir tilhøva tatt for gitt, noko som forsterkar forholdet mellom dei to skriftspråka slik det allereie er. Eit døme på dette kan vere at skulane ikkje har rutinar for å informere elevane om val av hovudmål. Den siste mekanismen som blir tema for denne analysen, er *nøytralising*. Nøytralising er å ikkje ta standpunkt, eller å gjere noko uviktig. Det kan til dømes vere «så lenge eg ikkje treng å ha nynorsk, bryr eg meg ikkje». Dei to siste mekanismane gir seg ut til å vere nokså «truskuldige», ei tilgjeveleg forgløyming, men er i verkelegheita ein prosess der hegemoniet blir forsterka (Grepstad, 2012a: 215-221). Med desse mekanismane i mente har eg gått gjennom empirien og sortert ut tekst og utdrag. Eg har funne mange resultat på alle, men den kategorisk største mekanismen som gjorde seg tydeleg, var stigmatisering, og den minste nøytralising.

Dei teoretiske konsepta frå Bourdieu og Keller er forklaringsprinsipp som vil henge tett saman med hegemoniomgrepet til Grepstad (2012a), og eg vil bruke dei til å nyansere og utdjupe forklaringane.

4.2 Individuelle handlingar, kollektive resultat

Nynorsken har i dag ein er reelt svakare posisjon enn bokmålet, og nynorsk er på mange måtar eit minoritetsspråk – ikkje offisielt, men i praksis. På svært mange arenaer dominerer bokmål som skriftspråk, og nynorsken blir eit offer for dette. Ottar Grepstad (2012a) beskriv tilstanden som eit *språkleg hegemoni*, der nynorsk taper for bokmål på grunn av maktmekanismane som karakteriserer relasjonen mellom dei to skriftspråka (Grepstad, 2012a: 215-221).

Makt som blir teken for gitt, blir oppfatta som «naturleg» og må ikkje grunngivast. Slik er det også med språkleg makt. (Grepstad, 2012a: 230)

Dette er kjernen i det Grepstad skildrar som «hegemoniets usjarmerande framferd» (2012a: 230). Den språklege dominansen som bokmål har, legg til rette for individuelle val og legg vidare grunnlaget for kollektive strukturar. Maktforholdet er ikkje alltid tydeleg og uttalt, og det er vanskeleg å setje fingeren på eller artikulere i klartekst, nettopp fordi *det berre er slik*. At det berre er slik, kan sjåast i samanheng med omgrepene *doxa*, som i likskap med *habitus* er ein del av omgrepssamlinga frå Pierre Bourdieu. *Doxa*, *habitus* og *Den usynlege handa* i språkutvikling frå Rudi Keller (1994) utgjer til saman eit knippe teoriar som kan forklare utvikling av strukturar og tendensar, basert på individuelle handlingar. Før eg tar til på maktmekanismane, vil eg gjere nærmare greie for desse teoretiske konsepta.

4.2.1 Den usynlege handa

Every step and every movement of the multitude, even in what are termed enlightened ages, are made with equal blindness to the future; and nations stumble upon establishments, which are indeed the result of human action, but not the execution of any human design [...]

Language is indeed ‘the result of human action, but not the execution of any human design’. (Keller, 1994: 35-36)

Teorien om den usynlege handa har sitt opphav i økonomisk teori, men er i språkforskinga eit omgrep gjort kjend av Rudi Keller, i boka *The invisible hand in language* frå 1994. Teorien tar i omsyn at menneskelege handlingar er intensjonale, men ikkje målstyrte, og legg grunnlaget for strukturar på makronivå (Keller, 1994: 35-36). At handlinga er *intensjonal*, tyder dermed ikkje nødvendigvis at den er gjennomtenkt. Nesten automatisk kan vi gjere val for å oppnå noko anna – det kan for eksempel vere å bruke ein spesiell type språk, eksempelvis for å formidle sosial status, eller å snakke i klartekst. Ut frå dette blir det danna strukturar og mønster eller endring i språket, beståande av veldig mange individuelle intensjonale handlingar. Strukturar er altså ikkje eit resultat av ein planlagd, overordna plan, men ein utilsikta konsekvens av mange einskilde, men liknande handlingar.

Når ein bruker ein slik teori, er det nødvendig å kunne identifisere kva overtydingar, mål og premiss som ligg bak handlingar. Då vil ein bruke plausible, logiske slutningar og ta omsyn til økologiske vilkår. Økologiske vilkår er faktorane som omgir aktøren, og på mange måtar set premissane for vala. *Habitus* og *doxa* kan slik sett forståast som del av dei økologiske vilkåra. For at eg skal kunne bruke denne teorien, føreset det altså at eg må anta kva som kan ligge bak handlingane. Men fordi ein aldri kan ha kontroll over alt som påverkar menneskeleg handling, er ikkje mønster lett å føresjå.

4.2.2 Habitus og doxa

Makt er, ifølgje Pierre Bourdieu, eit kulturelt og symbolsk produkt som blir oppretthalde i samspelet mellom agent (språkbrukar) og struktur (Bourdieu, 1994). Det kan bli forklart gjennom omgrepa *habitus* og *doxa*. *Doxa* kan beskrivast den implisitte og erfaringsbaserte kunnskapen vi har som ligg bak handlingane våre. Han er ofte taus, og kan eksemplifiserast med grunngjevinga «det berre er slik». *Habitus* er eit produkt av handlingar og strukturar, og er i seg sjølv også ein struktur. Habitus forsterkar og legg grunnlaget for sosiale strukturar og individuelle val:

The *habitus*, a product of history, produces individual and collective practices – more history – in accordance with the schemes generated by history. It ensures the active presence of past experiences, which, deposited in each organism in the form of schemes of perception, thought and action, tend to guarantee the ‘correctness’ of practices and their constancy over time, more reliably than all formal rules and explicit norms. (1990: 54)

Bourdieu spør «how can behaviour be regulated without being the product of obedience to rules?» (Bourdieu, 1994: 65). *Habitus* og *doxa* kan enkelt forståast som samspelet av sjølvsagd kunnskap, handlingar og tankemønster – som utgjer systema vi er sosialiserte inn i. *Doxa* og *habitus* kan brukast til å forklare den «naturlege» praksisen menneske har (Deer, 2014). Eit døme på dette er kunnskapen om at nynorsk har lågare status i privat næringsliv. Denne kunnskapen gir utslag i *habitus* og resulterer i at mange til dømes bruker bokmål i jobbsøknaden sin, sjølv om dei vanlegvis bruker nynorsk.

Habitus varierer og overlappar mellom grupper og individ. Til dømes kan det i éi sosial gruppe vere nesten ingen som skriv dialekt i chat eller på SMS, mens i ei anna, som kanskje til og med overlappar med den første, kan dialekt igjen vere vanleg å skrive, fordi kva som er innfelt i den kollektive *habitusen* og styrer godkjend språk (og andre handlingar), varierer frå gruppe til gruppe.

4.2.3 Komplementerande teoretiske standpunkt

For å forklare menneskeleg åtferd hevdar Bourdieu at det ikkje nok med mekaniske oppsett, slik som teorien om den usynlege handa. Bourdieu skriv at «The procedures of practical logic are rarely entirely coherent, and rarely entirely incoherent.» (1990: 12). Det er nettopp det uføresette ved menneskelege handlingsmønster som gjer dei vanskelege å setje fingeren på. Og som dømet i avsnittet over viste, er ikkje alle handlingar og omgjevnader like. Omgjevnadane rundt kvart individ er så samansett, så vagt og komplekst¹⁸ at vi ikkje kan redusere det til strenge mønster. Bourdieu held i denne samanhengen fram at *habitus* legg grunnlag for strukturar som formar vala våre. Handlingar, tankar og uttrykk er «as remote from creation of unpredictable novelty as it is from simple mechanical reproduction of the original conditioning» (Bourdieu, 1990: 55). Det vil seie at ein ikkje kan forstå språkleg endring eller handling ut frå teorien om den usynlege handa åleine, fordi eit så enkelt mønster ikkje kan fange opp kompleksiteten ved menneskeleg åtferd. Men ved å anta *habitus* og *doxa* som ein grunnleggjande del av dei økologiske vilkåra, kan teorien gi ein god peikepinn fordi mennesket er rasjonelt – men *ikkje berre* rasjonelt.

Teoriane eg har nemnt her, vil bli sett i direkte samanheng med det diskursanalysen viser mot slutten av dette kapittelet, i del 4.4 *Når mange tar det same valet*.

¹⁸ I den engelske omsettinga er ordet «fuzzy» brukt om dette (Bourdieu, 1990: 12).

4.3 Hegemoniets maktmekanismar

Ottar Grepstad (2012a) nemner ei rekke maktmekanismar som held ved lag og utviklar den språklege situasjonen, eller hegemoniet, som vi har i Noreg i dag.

Nynorskbrukarane har slett ikkje alltid makta over si eiga målform. Vi kan seiast å ha den makta i dei situasjonane og dei miljøa der vi utgjer fleirtalet. Elles vil den som bruker eit mindre brukt språk enn fleirtalet, dageleg merke at det er andre som har makta over språket hans. (Grepstad, 2012a: 209)

Maktmekanismane kan innehalde både ytringar, haldningar og handlingar. Eg har tatt med sitat og stoff henta frå dei respektive arbeida som viser ytringar og haldningar til nynorsk, og som kan plasserast inn i ein eller fleire av desse kategoriane. Ikkje alt lar seg like lett konkretisere i tekst – noko kjem til også uttrykk gjennom tal og tabellar eg har henta frå arbeida.

Diskursanalysen angår alle ledd i empirien: forskrarar, informantar og kontekst. Maktmekanismane som opprettheld det språklege hegemoniet, fungerer som eit overordna strukturerande prinsipp for diskursanalysen. Maktmekanismane er vide omgrep, og kvar av desse er derfor igjen delt inn i mindre delar. Her vil eg trekke ut det eg meiner er representative og illustrerande utdrag. Sitata og utdraga er skrivne i den forma dei har i arbeida, der forskarane har (eller ikkje har) inkludert alle ortografiske og/eller grammatiske feil. Eg vil heller ikkje legge vekt på enkelttilfelle, men prøve å få fram variasjon og formidle eksempel på gjentakande symptom. Maktmekanismane må heller ikkje forståast som faste og strengt avgrensa fenomen, men overlappende prosessar, og for å forstå eit slikt samansett bilde krevst det eit dynamisk og fortolkande blikk.

Korleis kan denne analysen forklare kvifor mange elevar legg frå seg nynorsken? Hegemoniet utgjer dei språklege omgjevnadane til desse elevane, og mekanismane er forsterkande prosessar som opprettheld og forsterkar tilhøva. Ved å gå i detalj på desse mekanismane, og dekonstruere utsegner, haldningar og handlingar, vil strukturane som omgir skriftspråka, gjerast tydelege. På den måten vil ideologi og tankesett kunne avslørast, og det blir mogleg å sjå korleis strukturar og maktideologi påverkar enkeltmenneske i individuelle val, som igjen dannar kollektive strukturar.

4.3.1 Stigmatisering

I sorteringa av empirien er stigmatisering den mekanismen som har kome til uttrykk flest gonger. Grepstad (2012a: 220) skildrar stigmatisering som ei form for diskriminering som er uformell, som ofte skjer gjennom trakkassering, eller ved at språklege val blir oppfatta og omtala som uønskte. Det vil seie at stigmatisering kan overlappe med andre mekanismar, som eg

tidlegare også har peikt på. I denne delen har eg også valt å inkludere negative haldningar til nynorsk. Det er god grunn til å tru at dersom ein kan uttrykke negative haldningar i eit forskingsprosjekt, er elevane også tilbøyelige til å uttrykke dette i andre situasjonar.

At «nynorsk ikkje er norsk», er eit døme som Ottar Grepstad (2012a) trekker fram som vanleg, og dette førekjem også i min empiri. At nynorsk er «bondsk», er eit trekk som kjem fram i fleire stader, og Kleggetveit (2013) har fokus på nettopp koplinga til det rurale. Eg har valt å ta med eit utdrag frå Proba samfunnsanalyse for å eksemplifisere gjennomgåande haldningar eg har funne i studiane:

Elevene kan si at nynorsk ikke er norsk, og at det er et bygdespråk og ikke noe kult. En nynorskelev sier: Er mer populært å ha bokmål. Kanskje noen som synes det er gammeldags. Vi blir jo stempla som bønder. (Proba samfunnsanalyse, 2014: 44)

Stigmatiseringa rundt nynorsk kjem tydeleg fram blant elevane som er med i desse undersøkingane. Eg har valt å setje inn dette sitatet frå Proba samfunnsanalyse, fordi det viser kor lågt i kurs nynorsken står blant elevane, også blant dei som sjølv har nynorsk. Sitatet over viser at nynorsken har låg verdi, og at elevane blir sett på som annleis. Ein elev vel å nyansere dette noko:

En annen føler seg nødt til å understreke at «det er normale folk som har nynorsk også». (Proba samfunnsanalyse, 2014)

Stigmatisering kan kome til uttrykk på mange forskjellige måtar, og eg har valt å dele denne delen inn i avsnitt som reflekterer dei store meiningsfeiringane. Sidan trakassering kan kome til syne både gjennom handlingar og ytringar, vil dei neste delane vil tematisk sett overlappe noko.

Trakassering: stigmatiserande ytringar og haldningar

Proba samfunnsanalyse (2014) trekker fram noko som tydeleg viser at elevane som har nynorsk, opplever å bli trakassert. Ei slik direkte trakassering er ikkje like tydeleg i dei andre arbeida, men det er ikkje umogleg at det også finn stad andre stader.

Samtidig hadde noen har vært vitne til at andre har blitt mobbet og holdt utenfor gjengen fordi de hadde en rar dialekt. En gutt vi intervjuet som hadde byttet til bokmål sa at hvis det ble tullet med nynorsk i guttegjengen, pleier han å ikke å si noe: Jeg sier ingenting, føler meg litt personlig angrepet, der vi kommer fra snakker vi mye nynorsk. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 44)¹⁹

Proba samfunnsanalyse (2014) viser også at elevane som skriv nynorsk, får beskjed om å skrive bokmål av vener, slik at andre kan forstå kva dei meiner. Sjølv om motivet tilsynelatande er

¹⁹ Mange av informantane gjer ei naturleg kopling mellom talemål og nynorsk. Nøyaktig kva som ligg i dette, er ukjart.

forståing, er dette og sitatet over kommentarar som tydeleg signaliserer at dei språklege vala elevane gjer, er uønskte. Krogsæter viser også eit døme frå ein informant som først seier ho blir «flau» over å skrive nynorsk, men i etterkant modifiserer svaret:

Vidare seier Line at ho aldri har vore noko stor tilhengar av nynorsk. «Det høyrest ikkje bra ut og eg blir nesten litt flau over det når eg skriv det. Så det.». Ho utdjupar svaret sitt med at ho ikkje naudsynt blir direkte flau: «[...] det virkar berre ikkje fornuftig til tross for at det høyrest likt ut som dialekta mi, så kjenner eg at bokmål ser veldig mykje betre ut på papir og når eg kjenner at det er det eg kjem til å bruke vidare i livet. Så kvifor ikkje berre bli flinkare på det?» (2017: 40)

Det er vanskeleg å vite om informanten modifiserer svaret for å seie det ho trur forskaren vil høre, eller om det er trøngen til å legitimere vala ho har gjort, som kjem til syne – anten det er å skrive nynorsk eller å ikkje skrive nynorsk. Uttrykket i begynninga av sitatet antydar likevel at å skrive nynorsk er noko ho oppfattar som negativt.

Stemshaug sin studie viser at dei fleste (24 av 36 elevar) ikkje har opplevd å få negative kommentarar på hovudmålet sitt. Samtidig seier altså 11 av elevane, dvs. om lag 31 % av gruppa, at dei har opplevd dette. Ho skriv vidare at «berre fem av elevane seier at frykta for slike kommentarar gjer at dei kvir seg for å bruke hovudmålet sitt» (2015: 51). Fem av elevane er rett nok kanskje ikkje så mange relativt sett, men det at dei fryktar andre sine kommentarar nok til at dei kvir seg for å skrive, er ganske alvorleg. Elevane i Stemshaug (2015) si undersøking kjem dessutan frå ein skule med nynorsk som opplæringsmål, der dei er mange saman som skriv nynorsk. Proba samfunnsanalyse (2014) trekker fram at elevar i klassar med fleire elevar som skriv nynorsk, verkar mykje tryggare på den språklege praksisen sin. Dette stemmer altså ikkje så godt med det Stemshaug viser, og er dermed ikkje nødvendigvis gjeldande for alle sonene.

Negative reaksjonar kan oppstå når klassen «må» skrive nynorsk. Dette illustrerer mellom anna desse utdrag frå Proba samfunnsanalyse (2014):

De andre får panikk hvis de skal skrive på nynorsk. De er pingler, tenker jeg. Det er ikke såå vanskelig (...) Det er litt urettferdig at vi må takle bokmål hele tida og de ikke takler litt nynorsk (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 44).

Elevene som har beholdt nynorsk beskriver klasseromssituasjoner der bokmålselever høylitt har gitt uttrykk for misnøye når de har undervisning i nynorsk. Elevene kan si at nynorsk ikke er norsk, og at det er et bygdespråk og ikke noe kult (Proba samfunnsanalyse, 2014: 44).

I det første sitatet bruker informanten ordet «takle». Det viser at forholdet elevane har til dei to språka, er ganske polarisert, og at det er snakk om å takle det berre når dei må. Dette *kan* vere

overdriving frå elevane i den enkelte situasjonen, men uansett viser sitatet at elevane som skriv nynorsk, opplever dette som urettferdig. Slike ytringar er stigmatiserande.

Nynorsk er gamaldags og bondsk

34 % av elevane i Idsøe si undersøking seier seg «heilt einige» i at nynorsk er eit gamaldags språk (2016: 69). Idsøe peiker vidare på at det er ein stor del som verken seier seg einige eller ueinige i påstanden, og at haldninga derfor ikkje nødvendigvis er gjennomgåande. Kleggetveit trekker likevel fram at nynorsk blir skildra som «gamaldags» og «ut» av to informantar (2013: 69). Både Krogsæter (2017) og Kleggetveit (2013) diskuterer dialekt og nynorsk, noko fleire av informantane koplar saman, og i nokre av utdragene er det vanskeleg å vite akkurat kva dei viser til. Det er tydeleg at dette er ei kopling som er sterkt hos fleire. I desse utdragene kjem koplinga mellom det rurale og nynorsk til syne:

Rebekka: nei men liksom—det er på ein måte måten ein skriv og snakkar på = eg føler nynorsk sånn—i mitt hovud så er nynorsk litt gammalt og bokmål er litt meir moderne og det blir for meg finare (latter) viss du skjørnar. (Informant i Kleggetveit, 2013: 123)

Frøydis: (ja) det er derfor eg tenkjer at eg høyrest ut som ein bondeknøl = eg høyrest mindre intelligent ut (latter)

Ingunn: er bønder mindre intelligente= er det det du seier?

Frøydis: nei men man tenkjer liksom sånn på typisk bondeknøl = mindre intelligent = det det er ein sånn stereotype ein har. (Informant i Kleggetveit, 2013: 124)

Eg kjenner at det er meir normalt og det er som om folk ser rart på dei som brukar nynorsk nesten. Det er litt slik, du blir sett på som veldig sånn, veldig gammaldags, det er ofte dei eldre som har hengt med der då no er det. Eg føler nesten at me berre har eitt skriftspråk no, og at det er bokmål. (Informant i Krogsæter, 2017: 45)

Folk utenfra tror med en gang at da bor du vel på gård med sau og kyr og alt sammen. De tror at vi ikke gjør noe som er moro, bare sitter og glor og går i bunad hele tiden. Det er jo litt irriterende når de tror at vi ikke gjør noe moro. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 44)

Det er mange av arbeida som viser til liknande tendensar, at nynorsk er eit språk som blir kopla til det rurale, bondske og gamaldagse. Dette er trekk som kjennest stigmatiserande av nokre, men det kan sjølv sagt variere. Stemshaug har samla karaktertrekk for «nynorskbrukaren» og «bokmålsbrukaren» i ein tabell, og viser at den kategorisk tydelegaste tendensen er at bokmålsbrukarar blir skildra som «moderne», «frå urbane strøk», medan nynorskbrukaren er «frå landlege strøk» (2015: 57). I den same tabellen har likevel nynorskbrukaren til saman fått fleire positive karaktertrekk enn bokmålsbrukaren. Stemshaug reknar 6 positive karaktertrekk («barsk, positiv, godt humør») på nynorskbrukaren, medan bokmålsbrukaren er nemnt 8 gonger i kategorien «ikkje interesserer seg for å lære nynorsk, det er for vanskeleg», og 6 i negative karaktertrekk («overlegen, jálete») (2015: 57). Dette viser at «nynorskbrukaren» ikkje koplast

med eintydig negative trekk, og «bokmålsbrukaren» ikkje til eintydig positive trekk, og at det også finst negative haldningar mot bokmålsbrukaren. Også Kleggetveit (2013) viser at elevane tenker på nynorsk som gamaldags, men trekker i tillegg fram at avstanden til bokmål hos nokre er stor.

Tvang

Noko som går igjen i mange av arbeida, er at å lære eller å skrive nynorsk blir oppfatta som tvang. Mellom anna skriv Øvreliid (2014) og Idsøe (2016) at:

Dei har alle skifta attende til bokmål og dei fleste kommenterer at det er tvang som gjer at dei måtte skifte til nynorsk. (Øvreliid, 2014: 60)

Fordi jeg måtte ha nynorsk på barneskolen, ville ha bokmål, og føler det blir tatt mer seriøst. (Informant i Idsøe, 2016: 96)

Fordi jeg føler nynorsk er et failet språk som blir tvingt på den norske befolkning. [...] Nynorsk er helt uintressant. (Informant i Idsøe, 2016: 95)

Det neste sitatet viser ei haldning der dei ikkje berre har vore nøydt til å ha det i grunnskulen, men at heile befolkninga lid under ordninga om to skriftspråk:

Etterhvert som jeg har blitt eldre, og har blitt påtvunget nynorsk gjennom flere års skolegang, så har jeg utviklet en form for avsky for dette skriftspråket. Jeg synes språket er veldig gammelt og at det har mange ord og uttrykk som en sjeldent/aldri bruker eller har hørt om. I tillegg så mener jeg det er helt bortkastet og veldig upraktisk å ha to skriftspråk i Norge. Det skriftspråket som da burde brukes er Bokmål fordi dette er det mest moderniserte og lettest å anvende for hele befolkningen. Bokmålsfolk sliter med å skrive nynorsk, men ikke omvendt. (Informant i Kleggetveit, 2013: 71-72)

Sitatet viser haldningar som er svært negative til nynorsk. Eleven bruker både ord som «avsky» og «bortkastet». Informanten nemner også mange argument for sine haldningar, som går på politikk, kva som er mest praktisk og verdidomar til språket. Heilskapen i sitatet viser likevel at eleven har ei gjennomtenkt mening om dette, og det at eleven ikkje har valt nynorsk, absolutt ikkje er tilfeldig. To av dei andre informantane i intervjuet i same studie viser liknande haldningar, sjølv om det ikkje kjem like klart fram som her.

Språkpolitiske argument

Nokre av elevane har politiske argument for å ikkje skrive nynorsk. Det at dei uttrykkjer desse argumenta, gjer at det også blir klart at dei har negative haldningar til skriftspråket. I Krogsæter (2017) svarer ein informant som bruker bokmål, at:

Jeg skriver bokmål fordi jeg ikke har samvittighet til å praktisere et skriftspråk som koster samfunnet millioner på årsbasis, samt tilfører lite kulturell verdi til den generelle norske samfunn [...] (Informant i Krogsæter, 2017: 37)

At å ha to skriftspråk i staden for eitt er dyrare reint samfunnsøkonomisk, er nok ikkje heilt feil. Eleven ser likevel ut til å ha ei klar oppfatning av at nynorsk er *lite verdt* for samfunnet, og det er ein verdidom. Eleven skriv også at han «ikke har samvittighet», noko som tyder på at han synest at å skrive nynorsk er moralsk feil, og at folk ikkje burde ha samvit til å skrive nynorsk.

Det er fleire døme i empirien som viser at elevane synest det er upraktisk å ha to skriftspråk. Og sjølv om grunnane kan vere mange og samansett, viser alle utdraga teikn på at dei synest at å skrive nynorsk er uønskt blant mange av elevane, anten dei uttrykkjer det eksplisitt eller ikkje.

Av praktiske årsaker. Det å ha to målformer tjener ingen hensikt. Et folk trenger ett språk – ett skriftspråk. (informant i Krogsæter, 2017)

Generelle negative haldningar til nynorsk

Dei elevane som har svart på undersøkingane, har mange grunnar for å ikkje like nynorsk, og her kjem fleire stigmatiserande ytringar eller negative haldningar til syne.

Fordi nynorsk er uforståelig og det var ikke naturlig å skrive det. (Informant i Øvreliid, 2014: 69)

Bokmål er lettere og jeg skjønner ikke vitsen med nynorsk. (Informant i Øvreliid, 2014: 69)

Synes at nynorsk er tragisk (...) (Informant i Garthus, 2009: 22)

Jeg klarer bedre å få fram mine meninger og skrive mer saklig på bokmål. (Informant i Idsøe, 2016: 93)

For eg hatar nynorsk. (Informant i Krogsæter, 2017: 28)

Det er ikkje sikkert at desse ytringane når elevane som bruker nynorsk, direkte, og at dei opplever det som trakasserande kommentarar i den forstand. Det er likevel tydeleg at elevane har desse haldningane, og sidan ganske mange av dei har skrive dei i undersøkingane, eller uttrykt dei i intervju, er dei i alle fall ikkje redd for å stå for det. Som eg tidlegare har vore inne på, vil det ikkje vere utruleg om desse haldningane på ein eller annan måte kjem fram i kvardagen også, implisitt eller eksplisitt, fordi ein allereie har uttrykt dei framfor ein forskar.

Å vere ein nynorskbrukar

Dei førre delane viser at det er mange som har negative haldningar til nynorsk, noko som også blir spegla i den komparative analysen. Det er tydeleg for elevane som har nynorsk som hovudmål, at nynorsk ikkje står høgt i kurs blant medelevane og i samfunnet, og det er fleire teikn på både motstand, resignasjon og sympati for bokmålsfolket, men på den andre sida også stolthet over å bruke nynorsk. Det er i tillegg ein del argument som går på kompetanse, at elevane med nynorsk nettopp meistrar nynorsk best. Felles for dei fleste er likevel bevisstheita

rundt at nynorsk er uønskt av mange, sjølv om det også er nokre som skriv argument som tyder på at det berre er rein vane. I det følgjande har eg lista opp nokre argument for å bruke nynorsk.

Vi har trygghet på oss selv. Vi merker jo det når de skriker og nekter når alle skal skrive på nynorsk. Vi gjør jo ikke det selv om det jo ikke er sikkert at vi har lyst til å skrive på bokmål. Vi er uansett kulere! Bønder er kule! (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 44)

Fordi eg syntes det var rett av meg å bruke denne målforma når eg pratar det. (Informant i Garthus, 2009: 20)

[...] men mest fordi eg følar det gir meir nasjonal identitet. (Informant i Krogsæter, 2017: 45)

Eg er stolt over å ha nynorsk som målform, då det verkar som om det blir meir og meir uvanleg å ha. (Informant i Krogsæter, 2017: 45)

Vil skrive nynorsk fordi eg syns det er friare, men har bokmål som hovedmål på skulen fordi det er enklare å få god karakter i det. (Informant i Krogsæter 2017: 36)

Det gjekk opp for meg at eg måtte skifte. Eg vil syne at eg hører til Vestlandet. Austlandet tek pengane våre. Dei skal ikkje få språket vårt attpåtil. (informant i Øvreliid 2014: 59)

Eg har alltid hatt nynorsk som hovudmål, og ser ingen grunn til å skifte. Eg syns og at nynorsk er vakrare. (Informant i Idsøe, 2016: 84)

Eg har valt nynorsk fordi eg alltid har hatt det og fordi det er ein del av den eg er. (Informant i Idsøe, 2015: 90)

Han fortel at han nok helst valde nynorsk fordi det var det han var vant med, og derfor var mest naturleg å halde fram med. (Kleggetveit, 2013: 129)

Elevane som bruker nynorsk, er i mindretal på desse skulane, og det er tydeleg at dei er klar over dette. Det vil seie at oppfatninga av nynorsk som eit minoritetsspråk er ein del av doxa, men at denne oppfatninga gir forskjellig utslag i habitus – som igjen er bakgrunn for forskjellige handlingar og ytringar blant elevar som bruker nynorsk, og elevar som bruker bokmål. Kunnskapen om nynorsk sin status legg altså grunnlaget for individuelle val, og gir utslag i korleis ein vel å framstille seg sjølv. Hjalmar Eiksund skriv at «ved å høyre til mindretallet blir ein heile tida gjord merksam på å vere nettopp i mindretal, og på den måten er kimen for ein medviten nynorsk identitet sådd (...)» (Eiksund, 2010: 10). Eiksund påpeiker at med ei slik bevisstheit får språkbrukarane eit anna og kanskje nærare forhold til språket sitt, og at minoritetskjensla slik sett slår begge vegar (2010: 5). I tråd med Bourdieu er det nettopp doxa og habitus som legg grunnlag for kva vi ser på som bra og därleg. Når vi tar språkval som er i strid med det fleirtalet oppfattar som vanleg, og for nokre også moralsk riktig, blir ein alltid mint på denne ulikskapen. Bevissttheita om at ein er i ein mindretalsposisjon kan vi til dømes sjå i desse utdragene:

Ja, så eg kan jo enten vere såpass sta og ha nynorsk så lenge eg vil eller eg kan berre følgje flokken og byte over. Det er vel det lettaste kanskje. (Informant i Stemshaug, 2015: 70)

Ofte blir sikkert vi som snakker dialekt sett på som litt annerledes. At vi er noe for oss selv. Folk utenfra tror med en gang at da bor du vel på gård med sau og kyr og alt sammen. De tror at vi ikke gjør noe som er moro, bare sitter og glor og går i bunad hele tiden. Det er jo litt irriterende når de tror at vi ikke gjør noe moro. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 44)

Det er tydeleg at minoritetskjensla går begge vegar fordi både statistikk, intervju og døme fra spørjeundersøkingar i dei ulike arbeida, viser at nokre av elevane som skriv nynorsk, er svært sikre og nøgde, medan andre er usikre, og har eit negativt forhold til eige skriftspråk. Storparten hører likevel til den sistnemnde kategorien ut frå det eg kan sjå i empirien. Proba samfunnsanalyse trekk likevel fram at om det er fleire med nynorsk på same stad, er elevane tryggare:

Vårt inntrykk er at nynorskelever i klasser med 6-7 nynorskelever hadde god selvtillit knyttet til målform og dialekt. (2014: 44)

Fleire av arbeida samanliknar eit kjerneområde og eit randsoneområde, men ei slik samanlikning er vanskeleg å trekke konklusjonar frå. Heller ikkje Stemshaug (2015), som gjer undersøkinga si på ein skule i ein nynorskkommune, finn noko som eksplisitt tyder på dette.

Ut frå døma over blir det også tydeleg korleis det er vanskeleg å plassere ei gruppe menneske inn i same mønster, og det viser tydeleg motsetjinga mellom mekaniske teoriar og individuell handling. Blant argumenta for å halde på eller skrive nynorsk, viser elevane stor variasjon. Dette gjer tydeleg at kva som er innfelt i elevane sin habitus, kan variere, eller at det kan gi forskjellige utslag både i handling og argument.

4.3.2 Marginalisering

Marginalisering er ein maktmekanisme som er kjenneteikna ved at nynorsken blir gjort uviktig, ved at noko anna er viktigare (Grepstad, 2012a: 218). Døme på dette kan vere at ein aldri vil bruke nynorsk etter at ein er ferdig med skulegangen, eller at framandspråk har større nytteverdi for framtida. Resultatet av marginalisering hos den enkelte, i institusjonar eller på kollektivt plan kan resultere i det same: at nynorsk blir uviktig og derfor ikkje brukt.

Bokmål er nyttigare

Typiske døme på marginalisering i empirien er framhevinga av nytteverdien ved bokmål: *alle andre bruker det, og derfor er det viktig å mestre bokmål*. Dette gjer seg gjeldande mellom anna i desse sitata:

Fordi jeg synes ikkje nynorsk er viktig og det er ikkje nyttig i fremtiden. Man lærer engelsk og et fremmedspråk i tillegg. (Informant i Øvreliid, 2014: 69)

Fordi eg føler at det er det folk brukar mest i Norge og det er det alle forstår. (Informant i Kleggetveit, 2013: 79)

Fordi nynorsk ikke er noe jeg trenger senere i livet. (Informant i Øvreliid, 2014: 69)

Velger heller å bruke minimal tid på nynorsk og mer fokus på mellom annet engelsk ettersom det er mest gunstig i framtidige studier og karrieresammenhenger. (Informant i Idsøe, 2016: 109)

Vi kan også sjå spor av dette synet hos lærarane, noko dette utdraget viser:

Hovedinntrykket fra intervjuene er likevel at elevene velger hovedmål ut fra et ønske om at de vil ha et skriftspråk og arbeidsverktøy som fungerer for dem i hverdagen. De velger den målformen som de behersker best fordi skolehverdagen da blir enklere. Også en del lærerne vi intervjuet støttet opp om denne tankegangen. (Proba samfunnsanalyse, 2014: 37)

Fleire av forskarane konkluderer med at elevane er ute etter eit arbeidsverktøy, og at dei rasjonaliserer vala sine gjennom nytteverdi på eit personleg plan. Dette speglast i at den største kategorien for argument for val av hovudmål nettopp er kompetanse og meistring (jf. 3.2.3 *Kva grunngjevingar har elevane for å byte frå nynorsk til bokmål?*). Eg meiner dette er ein konklusjon som er for enkel, og som eg vil drøfte i Del 4.5.1 *Er hovudmål det same som bruksspråk?*

Argument som går på nytteverdi, er vidare også å finne blant elevane som har nynorsk som hovudmål, som i ein del tilfelle uttrykker sympati med elevar som skriv bokmål.

det er jo mange bokmålsbrukarar som synest det er dumt at dei må lære seg nynorsk og, som kanskje synest at det er unødvendig at dei må lære seg nynorsk [...]. Og det kan eg jo eigentleg forstå litt då , at dei som kjem frå Oslo for eksempel ikkje treng nynorsk. Dei treng jo aldri nynorsk, alt dei ser er jo på bokmål. (Informant i Stemshaug, 2015: 55)

Men på eit tidspunkt, så syns eg at det er dumt at dersom du vil ha nynorsk, så har du ikkje høve til det. Men eg skjønnar at slik nedi Oslo som aldri blir utsatt for nynorsk, så er det vanskeleg, nesten litt sånn gresk for dei. Slik som meg som har ganske lik dialekt. (Informant i Krogsæter, 2017: 45)

Det skal seiast at ei slik nyttehaldning til eige skriftspråk ikkje er gjennomgåande for alle randsonene, sjølv om dette spesielt kjem tydeleg fram hos Stemshaug (2015) og Krogsæter (2017), som gjer undersøkingane sine i Møre og Romsdal. Proba samfunnsanalyse, har undersøkt tre fylke, finn utsegner der elevar med nynorsk seier at dei som bruker bokmål må «slutte å sutre»:

De andre får panikk hvis de skal skrive på nynorsk. De er pingler, tenker jeg. Det er ikke såå vanskelig (...) Det er litt urettferdig at vi må takle bokmål hele tida og de ikke takler litt nynorsk. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 44)

Jeg synes ikke bokmålselevene skal klage. Vi lærer jo bare bokmål uansett! (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 44)

Dette er eit sitat eg også trekte fram i delen om stigmatisering. På den eine sida ser vi elevar som har sympati for elevane som ikkje har nynorsk, i direkte samanheng med eit nyttoperspektiv. Det er likevel elevar som ikkje deler dette perspektivet, som blir tydeleg i sitatet over, der eleven snur situasjonen på hovudet.

Nynorskinformantane vil ikkje vere til bry

I tillegg til utsegner som at samfunnet i størst grad bruker bokmål, og at det er viktig å vere god i bokmål, er det også ein del elevar som bruker nynorsk som viser teikn til å marginalisere seg sjølve og sitt eige skriftspråk:

Når det er ingen som har det liksom, og dei må leggje opp alt på grunn av meg. Nei. (Informant i Stemshaug, 2015: 68)

Nei, eg hadde berre kome til og gått med på det. Eg hadde ikkje orka å gjere noko ut av det, klaga og sånne ting. (Informant i Stemshaug, 2015: 53)

Det blir vel nedprioritert. Jeg tenker ikke på det. Jeg tenker at hvis det ikke er bok (på nynorsk) så orker jeg ikke å gjøre noe med det. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 43)

Jeg tror at det ikke er like viktig med nynorsk. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 43)

Elevane som har nynorsk som hovudmål, er gjennom slike handlingar med på å oppretthalde hegemoniet, fordi dei ikkje orkar å gjere noko med saka. Anten vil dei ikkje vere til bry, eller så er det å måtte styre med nynorsk ikkje verdt bryet for deira eigen del. Det kan også vere med grunn i at dei fryktar reaksjonar eller kommentarar, som del 4.3.1 *Stigmatisering* viste. Det er fleire faktorar som kan ligge til grunn for ei slik haldning, men sitata kan tyde på at elevane i ein mindretalsposisjon her rasjonaliserer og gjer økonomiske val. Slik den usynlege handa fungerer, vil det vere med på å oppretthalde hegemoniet. Elevane ønsker ikkje styr, å skulle krevje materiell på nynorsk medfører styr, og elevane endar med å ikkje gjere noko. Dette er ein prosess som forsterkar tilhøva, for når mange aktørar gjer same val, lagar det ein struktur for gjentaking. Det neste sitatet antydar ein resignasjon frå ein elev med nynorsk, som understrekar at å stille krav eller gjere motstand oppfattast som uønskt eller uvanleg:

Jeg savner selvfølgelig å ha bare nynorsklærere, men det er vel å stille for store krav. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 41)

Oppfatninga av nynorsk som noko slitsamt

I fleire av arbeida ser vi at nokre elevar har bytt tidleg. Grunnane er forskjellige, og Øvrelid (2014) trekker fleire gonger fram lærevanskar som ein naturleg grunn for å ikkje ha nynorsk.

Lærevanskar blir her viktigare enn nynorsk, og bortvalet av nynorsk blir slik sett å forstå som marginalisering. Utan at nokon treng å uttale seg, eller tenke noko om kva som *faktisk er* det greiaste språket å skrive, ser det ut til at Øvreliid tileigner bokmål denne statusen. Øvreliid (2014) plasserer lærevanskar i same kategori som tilflytting og anna morsmål:

Dei fleste tilfella av skifta i grunnskulen skjer på grunn av flytting, samanslåingar av skular, endring til nynorskkasse/bokmålskasse eller særskild tilrettelegging som lærevanskar.
(Øvreliid, 2014: 64)

Dei fem elevane som alltid har hatt bokmål grunngir det anten med anna morsmålsopplæring, lærevanskar eller tilflytting. (Øvreliid, 2014: 61).

Desse sitata får ikkje nokon vidare kommentar, noko som kan tyde på at det blir tatt for gitt at bokmål er enklare enn nynorsk, eller at elevane i alle fall synest det. Alle studiane som undersøker argument for å byte, finn «at dei meistrar bokmål» som den største kategorien. Både Proba samfunnsanalyse (2014) og Kleggetveit (2013) trekker likevel fram at elevane ikkje nødvendigvis synest at nynorsk *i seg sjølv* er vanskelegare, men at eksponeringa for bokmål gjer den lettare å meistre (2014: 36; 2013: 70). Dette er eit døme på at måten vi snakkar om nynorsk på, kan påverke våre eigne førestillingar – at viss ein har lærevanskar, skal ein dermed *sleppe å slite* med nynorsk.

Det at det mest positive med å ha nynorsk som hovudmål, er at dei slepp å streve med det som sidemål, er likevel symptomatisk for bevisstheita deira. (Stemshaug, 2015: 70)

Også elevane med nynorsk som hovudmål kan altså ha denne oppfatninga, og sitatet over viser at haldninga til nynorsk som «vanskeleg», ikkje er så uvanleg.

Bokmålsfolk sliter med å skrive nynorsk, men ikke omvendt. (Informant i Kleggetveit, 2013: 71-72)

[...] Nynorsk gjør det også mye verre for immigranter å lære og forstå språket. Alt i alt så er nynorsk bare noe nasjonalistisk tullball. (Informant i Krogsæter, 2017:32)

Sitatet frå Krogsæter (2017) viser ein generell irritasjon, men også at eleven har negative haldningar til språket. Eleven trekker fram at nynorsk kan vere eit hinder for innvandrarar som skal lære seg og forstå språket. Det er vanskeleg å peike på ein nøyaktig årsak til kvifor eleven meiner det, det kan vere på grunn av at eleven sjølv synest det er vanskeleg, eller at det «ekstra» skriftspråket skaper forvirring.

Strukturell marginalisering

Fleire av studiane er inne på dei strukturelle rammene som ein faktor i analysen. At elevane som har nynorsk som hovudmål blir marginalisert, blir tydeleg gjennom til dømes dette utdraget, henta frå Proba samfunnsanalyse (2014):

Ingen av rektorene ved de tre skolene mente det var aktuelt å samle nynorskelevene i én klasse eller kun fordele dem på for eksempel to klasser, for å få flere nynorskelever samlet. Begrunnelsen var at de hadde mange andre hensyn å ta i plasseringen av elever – som faglig nivå, hvilket fremmedspråk de hadde valgt og andre pedagogiske hensyn. De ønsket også å blande elever fra ulike geografiske områder, noe som talte mot å samle nynorskelevene. (Proba samfunnsanalyse, 2014: 42)

Her blir andre omsyn viktigare enn å setje elevar med nynorsk som hovudmål i same klasse. Som tidlegare nemnt treng ikkje maktmekanismane vere overtydelege, som stigmatiserande utsegner, slik som det er lett å leggje merke til. Alle desse maktmekanismane utgjer og forsterkar det språklege hegemoniet. Fagleg nivå, framandspråk og pedagogiske omsyn er alle legitime grunnar til å setje saman ei klasse. Frå eit lærarperspektiv vil kanskje pedagogiske omsyn også naturleg vege tyngre. Men det er det faktum at desse omsyna oppfattast som eller er viktigare for skular og lærarar, som fører til at nynorsk blir pressa ut. Realiteten er at det ikkje blir oppretta eigne klassar, fordi den språklege faktoren ikkje veg tungt nok, og fordi nynorsk ikkje blir sett på som viktig.

4.3.3 Ignorering

Maktmekanismen *ignorering* er den som ifølgje Ottar Grepstad verkar som den mest «truskuldige», men likevel er den mest alvorlege. «Den som ignorerer, tek ikkje ei bestemt gruppe, eit behov eller ei side av ei sak med i vurderinga i det heile (...) Ignorering er likevel slett ikkje alltid tilskikta. Den vennlege forma for ignorering er at ein gløymer den språklege faktoren» (Grepstad, 2012a: 220). Ignorering utmerka seg i empirien, og det finst mange døme på at den språklege faktoren blir gløymd – at skriftspråk rett og slett ikkje er relevant.

Den språklege faktoren blir gløygd

Nynorsk er sjeldan eller aldri et tema på foreldremøter eller liknende. Skolene har heller ikke mottatt klager eller andre henvendelser fra foreldre angående nynorsk. (Proba samfunnsanalyse, 2014: 40)

Her ser vi at nynorsk ikkje blir tatt opp som eit problem eller snakka om. Dette har kanskje samanheng med at det i skulegangen er svært mange ting som er viktigare for både elevar, lærarar og foreldre enn den språklege situasjonen, og som gjer at den språklege situasjonen ikkje ein gong streifar dei som problematisk. Kanskje pressar saker som mobbing, karakterar og læringsmiljø meir enn elevane sine språklege rettar og tilhøve. At språk her blir gløynt, tyder ikkje nødvendigvis at foreldra *bevisst* ignorerer det, men at det ikkje er ei sak for dei. Uansett kor legitim årsaka og venleg motivasjonen måtte vere, er likevel resultatet det same: Andre ting er viktigare – den språklege situasjonen forsvinn frå dagsorden og blir gløynd.

Mottakar og domene er viktige faktorar

Mange av argumenta elevane gir for språkvalet sitt, handlar på mange måtar om mottakaren. Vi kan sjå maktmekanismen *ignorering* gjere seg gjeldande når mottakaren eller situasjonen blir den avgjerande premissen for språkval. Fleire av arbeida knyter dette opp til verdien til språk, men det kan også henge saman med at språkbrukarane har eit fleksibelt forhold til kva språk dei skal bruke. Ein slik fleksibilitet er noko Audhild Rotevatn også diskuterer i si masteroppgåve *Språk i spagaten*²⁰ frå 2014. Til dømes bruker svært mange av elevane dialekt på Facebook. Det viser seg likevel å vere ein skilnad mellom kvar på Facebook ein bruker kva språk: Nokre bruker dialekt berre i chat, og nokre bruker det til alle formål på Facebook. På den andre sida ser dei fleste for seg å bruke bokmål 10 år fram i tid (Rotevatn, 2014: 64-66).

Denne fleksibiliteten överlappar: Den har ein fot i ignorering og ein i marginalisering. Ved marginalisering blir noko anna gjort viktigare, som vi her kan sjå ved at andre perspektiv blir viktigare for språkval. Eg har likevel valt å kategorisere denne fleksibiliteten som ignorering, fordi elevane tar dei eksisterande tilhøva for gitte og lar dei styre vala sine. Dette heng saman med den tause kunnskapen vi har, nemleg doxa, som igjen legg føringar for habitus. Fordi *det berre er sånn*, passar bokmål betre enn nynorsk i ei rekke situasjonar.

Kanskje skal informantane flytte til byen og vil leggje om til bokmål fordi det er «språket i byen». Det kan også vere at bokmål er «språket i» sjangeren eller mediet dei bruker. Dette er tydeleg mellom anna i Garthus (2009) og Kleggetveit (2013).

Når jeg skriver blant annet brev eller epost, vil mottakeren min mest sannsynlig forstå hva jeg mener best, om jeg skriver på bokmål. (Informant i Kleggetveit, 2013: 69)

Stemshaug undersøker ungdommar på ungdomsskulen i språkbruken deira. I ein klasse der alle elevar har valt nynorsk som hovudmål, kryssar to elevar av for at dei ville ha brukt nynorsk i ein blogg, medan 22 har kryssa av for bokmål og 8 for dialekt. Ein av informantane i portrettintervjua seier dessutan at «Eg trur ikkje det er nokon som skriv nynorsk på blogg», noko som viser at nynorsk har låg bruksverdi blant elevane på dette domenet (Stemshaug, 2015: 45). Det kan også henge saman med mottakarbevisstheita, men det ser uansett i størst grad ut til å vere ei felles oppfatning om kva som er passande og ikkje passande å bruke i ulike situasjonar. Utsegna om at ingen skriv blogg på nynorsk, viser dette tydeleg.

²⁰ Rotevatn har undersøkt elevar i vestlandsfylka sin språkbruk på internett.

Både Stemshaug (2015), Garthus (2009) og Kleggetveit (2013) viser til resultat som tyder på at nynorsk (og bokmål) ikkje er spesielt mykje brukt i private domene blant ungdommane, som i chat eller på sosiale medium. Proba samfunnsanalyse viser også dette ganske tydeleg:

Å bruke nynorsk i private sammenhenger, eller på sosiale medier er, slik de ser det, forbeholdt de voksne. Det utvikler seg en felles latter når vi spør om de ikke bruker nynorsk på sosiale medier. (2014: 35)

Ignorering kan mellom anna seie at ein gløymer den språklege faktoren eller at ein tar tilhøva for gitt. Doxa legg premissen for språkvala og gjer at elevane gjennom habitus handlar i tråd med usynlege reglar. Den utalte grunnen kan vere å gjere seg forstått, fordi elevane *veit* at nokon synest nynorsk er vanskeleg; å tilpassa seg mottakaren, fordi elevane *veit* at nynorsk ikkje passar i alle situasjonar; eller å velje språk ut frå kontekst og sjanger, fordi elevane *veit* at nynorsk ikkje høyrer heime i bloggsjangeren.

Strukturell ignorering

I dei ulike arbeida er det fleire av forfattarane som er inne på dei strukturelle forholda som omgir elevane. Proba samfunnsanalyse (2014) inkluderer dette som ei av problemstillingane sine og har naturleg nok mange døme som viser at den språklege faktoren ikkje er til stades. Mellom anna er skulemateriell ein sentral del av ignoreringa. Mellom anna kjem dette fram:

Bare noen få av nynorskelevene vi intervjuet på de videregående skolene, hadde fått alle bøkene på nynorsk. De fleste hadde en blanding av nynorsk- og bokmålsbøker. (Proba samfunnsanalyse, 2014: 4)

Det viste seg at skolen kun bestilte bøker på bokmål og at ingen av elevene gjorde krav på noe annet. Fagansvarlig i norsk ved den studieforberedende skolen fortalte også at de fleste elevene byttet til bokmål når de startet på denne skolen. (Proba samfunnsanalyse 2014: 39)

Det første utdraget viser at føresetnadene for å få skulemateriell på nynorsk er svake. Nokre av elevane som har nynorsk som hovudmål, har fått bøkene på bokmål, medan andre har ei blanding. Noko liknande ser vi i Stemshaug (2015), der ein av dei vidaregåande skulane som elevane på den aktuelle ungdomsskulen ofte vel, har manglande rutinar på informasjon om val av målform. Dei uttalar likevel at dei vil gjere noko med det no som dei er gjort bevisste på det. Det kan tyde på at den språklege faktoren har blitt gløymt, ikkje med vilje neglisjert. På ein skule der mange av elevane kjem frå skular med nynorsk som opplæringsmål, finn eg det likevel merkeleg at dei tilsynelatande «ikkje har tenkt over» dette som ei sak. Eg meiner at det derfor også kan vere ein forsvarsstrategi i møte med det dei oppfattar som kritikk. Men det er vanskeleg å vite med sikkerheit.

Det andre utdraget frå Proba samfunnsanalyse (2014) viser ei meir bevisst ignorering frå skulen si side. Denne skulen bestiller ikkje eingong bøker på nynorsk og viser til at «de fleste elevene» uansett byter til bokmål når dei begynner på skulen. Det er viktig å påpeike at «dei fleste» likevel ikkje betyr *alle*, men sidan skulen ikkje bestiller bøker på nynorsk, vil eg tvile på at det er fagbøker på nynorsk til dei elevane som har krav på det. At elevane sjølve ikkje gjer motstand eller klagar, er noko eg har diskutert tidlegare i analysen, men som kan vere ein del av skulen og elevane sin habitus: Bokmål er i større grad verdsett, og det vil opplevast som uønskt dersom ein vil gjere krav på skulemateriell. Stemshaug viser dessutan til at elevane seier at dei ikkje har noko reelt val idet dei tar til på ein skule der bokmål dominerer.

Sjølv om dei begge veit at dei har rett til å velje hovudmål, så synst dei ikkje at det er eit reelt val. Reidun kjenner sterkt på dette. Ho trur ikkje «ho får lov» til å ha nynorsk på vidaregåande. (Stemshaug, 2015: 69)

Sitatet er henta i ein kontekst der informanten si søster fekk raud strek under orda ho brukte fordi dei var på nynorsk. At informanten vil velje bokmål i dette tilfellet, kan vi altså forstå ut frå stigmatisering og ignorering. Det er stigmatiserande, fordi ord som er skrivne rett, blir markert som feil. Ignorering gjer seg gjeldande i at denne skulen registrerer alle nye elevar automatisk med bokmål som hovudmål. Det viser at å bruke nynorsk på denne skulen faktisk bryt så sterkt med norma på skulen at elevane som skal begynne der, oppfattar at det ikkje er godtatt. Her ser vi at habitus legg svært sterke føringar for elevane.

Gjennom døma som er trekt fram i denne delen, kan vi sjå korleis individ gjer val som følgje av strukturar som ikkje legg til rette for å velje nynorsk. Ignorering er ein maktmekanisme som kjem til uttrykk i fleire ledd i hegemoniet, og påverkar individua sine val. Resultatet er at elevane oppfattar nynorsk som uviktig. Slik sett er denne oppfatninga innfelt i den kollektive habitusen på skulen, fordi det er ein del av doxa. Doxa og habitus utgjer ein del av dei økologiske vilkåra for vala ein språkbrukar gjer. At ingen bryr seg, at det ikkje er ei stor sak, og at nynorsk blir oppfatta som uviktig, er faktorar som påverkar vala elevane gjer.

4.3.4 Nøytralisering

Å vere nøytral er i utgangspunktet ein ufarleg posisjon å ha, både politisk og sosialt. Eit nøytralt standpunkt til nynorsk er legitimt og lite slitsamt, fordi ein ikkje treng å ta stilling. Men om det å stille seg nøytral er rettferdig, er eit anna spørsmål. I utgangspunktet høyrest det ufarleg ut, men samanliknar vi det med andre forhold der den eine sida er offer for slike prosessar, er saka ei anna. Eit typisk uttrykk for dette er passivitet. Om ein person blir mobba, er det tryggast å gå sin veg og ikkje seie noko, men det gjer ikkje situasjonen betre for offeret, og passivt lét vi bølla

halde på som vanleg. Å stille seg nøytral til diskriminering av minoritetar – og vi *kan* snakke om nynorskbrukarar som ein minoritet – er altså absolutt ikkje stuereint, og derfor er nøytralisering også ein alvorleg maktmekanisme som bidrar til hegemoniet.

Så lenge dei sjølve slepp å skrive nynorsk

I empirien er nøytralisering ein mekanisme som til dels er til stades, men ut frå dei andre mekanismane eg har diskutert, kan vi sjå at det er veldig mange som har tatt eit tydeleg standpunkt, sjølv om både argumentasjon og bevisstheit ser ut til å variere. Grunnen til det er sannsynlegvis at elevane har vore nøydde til å ta eit konkret val av hovudmål og derfor også har tatt eit standpunkt. Det er likevel ein del teikn til at elevane har ei nøytral haldning til språksituasjonen:

Det er fint at nokon tek vare på nynorsken, berre eg slepp å bruke den sjølv. (Informant i Kleggetveit, 2013: 131)

Dette er eit eksempel på nøytralisering – å ikkje ta standpunkt. Det er også eit døme på korleis den usynlege handa skapar kollektive strukturar. Enkeltindividet, eller samfunnet som heilskap, vil ikkje nødvendigvis at nynorsken skal forsvinne, men ser ikkje på seg sjølv som aktive brikker i denne prosessen. Garthus (2009) peiker på den same tendensen blant ungdommane i Valdres, og Idsøe blant ungdommane på Sotra, noko eg viste i del 3.2 *Komparativ analyse av resultata i empirien*.

Sjølv om få av ungdommane sjølve ynskjer å bruke nynorsk, så ser dei ikkje nødvendigvis like negativt på at andre brukar nynorsk. Vi spurde ungdommane kva dei meiner om denne setninga: "Eg meiner det er viktig at me i Valdres brukar nynorsk fordi nynorsk er ein del av kulturen her." Over 50% seier seg "einig" eller "delvis einig" i denne utsegna. (Garthus, 2009: 23)

Heile 48 % av språkskiftarane ved Sotra vgs meiner at det er rett å bruka nynorsk på Sotra, fordi det er ein del av kulturen deira. Dei meiner altså at nynorsken høyrer heime på Sotra, men likevel har dei valt å skifta hovudmål til bokmål. (Idsøe, 2016: 70)

Elevane kan med andre ord godt tenke seg at nynorsken blir brukt, men vil ikkje nødvendigvis bruke han sjølv. Når mange tenker og handlar slik, vil mønsteret likevel bli at nynorsken forsvinn, og det er ein mekanisme som forårsakar *den nynorske lekkasjen*. Den nynorske lekkasjen er eit døme på eit resultat som ikkje er eit produkt av nokon menneskeleg plan, men snarare resultatet av mange individuelle handlingar. Då elevane skulle ta stilling til utsegna «Eg meiner at me i Valdres bør skrive bokmål fordi dette språket blir brukt av dei fleste i landet», stemte resultatet med spørsmålet i sitatet over: Meir enn halvparten av ungdommane svarte at dei var «delvis ueinig» eller «heilt ueinige» medan litt færre har kryssa av for «einig» eller «delvis einig» (2009: 23).

Strukturell nøytralisering

Nøytralisering kan vi også spore på eit strukturelt plan. Igjen er dette eit tema som Proba samfunnsanalyse (2014) tar føre seg, men nokre av dei andre arbeida har også tematisert dette. I det første sitatet eg vil dra fram, ser vi at skulen fortel at dei har ei «pragmatisk tilnærming», og at dei ikkje ser det som opp til leiinga eller lærarane å bestemme:

Både lærere og skoleledelse forteller at de har en pragmatisk tilnærming til de to målformene, og at både de og elevene selv må finne ut av hvilket språk som kan være deres verktøy i hverdagen. (Proba samfunnsanalyse, 2014: 5)

Det er riktig nok heilt rett at det er elevane sitt val, men ordet «pragmatisk» her betyr i praksis avskriving av ansvar – for prosess og resultat. Proba samfunnsanalyse (2014) viser også at nokre av skulane har få rutinar for val og informasjon om hovudmål. Det betyr med andre ord at skulane stiller seg passive, og lar situasjonen vere slik han er. Det språklege hegemoniet tatt i betrakning, og at nynorsk både er eit markert – og ofte uønskt – val, er det ikkje vanskeleg å tenke seg kva resultatet av ei slik pragmatisk tilnærming vil vere.

Nøytralisering er også til stades i grunnskulelærarutdanningane (GLU). Rapporten til Proba samfunnsanalyse (2014) viser mellom anna at:

De andre institusjonene nevner, så langt vi kan se, ikke nynorsk og bokmål i det hele tatt i fagplanene for GLU 5 - 10. Telefonintervjuene tyder på at det hersker tvil blant lærerutdanningene om hvem/hvilken del av utdanningen som skal ta ansvar for nynorskkompetansen. (2014: 6)

Dette viser tendensar til nøytralisering på eit strukturelt plan. Eit anna poeng Proba samfunnsanalyse (2014) viser, er at det er få teikn til at studentane skal ha kompetanse i nynorsk i den aktuelle læreplanen for GLU 5-10. Når det gjeld dette spesifikke sitatet, er det mogleg at kompetanse i nynorsk ikkje ein gong har vore eit tema, fordi ingen har ønskt å ta tak i problematikken. At dei er usikre på kven som har ansvaret, kan også vere teikn på at det ikkje er spesielt mykje diskutert. Dette er alvorleg, fordi mykje forsking viser at læraren er ein svært viktig faktor for lering (noko mellom andre Hattie (2009) viser). Ved å vise til to ulike undersøkingar, antydar Proba samfunnsanalyse også ein samanheng der dess betre læraren er i nynorsk, dess betre haldningar har elevar til skriftspråket (2014: 14-15).

Eli Bjørhusdal hevdar i si avhandling *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885-2005* frå 2014 at Noreg manglar ein tydeleg språkpolitikk. Vi har mange dokument som peikar på viktigeita både av norsk generelt og av nynorsk spesifikt, men at argumentasjon ikkje er det same som styrande føringer for handling. Ho viser til stortingsmeldingar som tar føre seg dette, og skriv at

Her vert det argumentert for kvifor både norsk og nynorsk er viktig, og at det trengst ei sektorovergripande satsing, men argumentasjonen fungerer ikkje som belegg for konkrete språkpolitiske påstandar. ‘Framlegga’ er jamt over målformuleringar og ambisjonar. (Bjørhusdal, 2014: 352)

Vidare viser ho mange døme på at verdien til nynorsk blir slått fast, men at det ikkje finst konkrete føringar eller krav. På denne måten kan ein hevde at nøytraliseringa også finst på statleg nivå. Mangelen på konkrete føringar, slik Bjørhusdal viser til, kan forståast som nøytralisering og ein maktmekanisme som styrkar hegemoniet.

4.4 Når mange tar det same valet

Desse maktmekanismane er noko av det som vidarefører og fører til bokmålet sin dominans. Haldningane, handlingane og ytringane, om dei er bevisste eller ikkje, gjer seg gjeldande i val på individnivå. Omgrepa *doxa* og *habitus*, samt teorien om den usynlege handa, kan forklare korleis desse vala blir til kollektive strukturar.

4.4.1 Den usynlege handa

Den usynlege handa er ein teori som søker å forklare menneskelege handlingsmønster. At mange andre har gjort eit identisk val, gjer det enkelt for enkeltindivid å gjere det same valet. Dette kan føre til kollektive resultat ein ikkje nødvendigvis har sett føre seg. Gjennom mekanismane er det ikkje vanskeleg å finne logiske postulat som forklarer dette på individnivå. Antar vi at menneska er rasjonelle, vil dei ta val som gagnar dei sjølv mest mogleg. Som vi har sett, blir bokmål sett på av informantane som praktisk, forståeleg, eit arbeidsverktøy og meir passande enn nynorsk i mange kontekstar. Frå det kan vi sette opp ei slik forklaring:

1. *Marianne vil gjere det som er lettast og praktisk for seg sjølv.*
2. *Bokmål er lettare og meir praktisk enn nynorsk, slik Marianne ser det.*
3. *Marianne vel bokmål.*

Godtar vi rasjonalitetsprinsippet, er det sannsynleg at dette gjeld for mange menneske – dei vel den lettaste og mest praktiske løysinga. Faktisk kan ein lage ganske mange postulat som er like rasjonelle som det over.

1. *Marianne vil ikkje skilje seg ut frå venene sine.*
2. *Venene bruker bokmål.*
3. *Marianne vel bokmål ho også.*

Eller

- 1) *Marianne vil helst unngå stigmatiserande kommentarar.*
- 2) *Marianne veit at bokmål har høgare status i samfunnet, og at elevar med bokmål som hovudmål sjeldan opplever stigmatisering.*
- 3) *Marianne vel bokmål.*

Det er ikkje vanskeleg å finne andre logiske samansettingar og rasjonelle grunnar for å velje bort nynorsk. Slik kan ein samanlikne den usynlege handa med å trakke ein sti. Ein person vel å krysse ei grøn mark fordi det sparar han tid, sjølv om han veit at han *burde* gå den asfalterte vegen. Dersom fleire gjer det same, vil det til slutt danne seg ein sti. Det vil gjere vegvalet enklare å ta for andre som er i same område, for fordi stien allereie er trakka opp, treng ein ikkje tenke på kva ein skal gjere. I teorien om den usynlege handa er dette skildra som «økologiske vilkår». Til dømes legg vissheita om «at alle andre gjer det», til rette for at ein sjølv også kan gjere det. Dette kan henge saman med fleire ting: at vi ikkje vil skilje oss ut frå mengda, at strukturelle faktorar gjer det vanskeleg, at ein vil få stigmatiserande kommentarar og så vidare.

Dette er noko Stemshaug viser:

I Jo sitt tilfelle handlar det meir om at alle andre har bokmål, og at han ikkje ønskjer å skilje seg ut frå mengda. Dette vil også påverke dei elevane som ikkje har tenkt over kva hovudmål dei vil velje på vidaregåande. (Stemshaug, 2015: 69-70)

Sjølv om fleire av forskarane viser til at dei elevane som er minst bevisste den språklege situasjonen eller sine eigne språklege val, er utsett for ein slik effekt, gjeld den også dei meir bevisste elevane. Slike mønster kan altså vere sterke, noko dette sitatet frå Stemshaug (2015) kan eksemplifisere:

Så eg kan jo enten vere såpass sta og ha nynorsk så lenge eg vil eller eg kan berre følgje flokken og byte over. Det er vel det lettaste kanskje. (informant i Stemshaug, 2015: 70)

Nynorsk er ikkje vanskeleg eller upraktisk i seg sjølv, men samanlikna med bokmål blir nynorsk marginalisert – både på aktørnivå og på individnivå, og for språkbrukarane er det svært mange rasjonelle grunnar til dette.

4.4.2 Habitus og doxa – økologiske vilkår

I gjennomgangen av dei ulike maktmekanismane viste eg at elevane ikkje alltid handlar likt, eller har dei same grunnane til å handle likt. Som eg tidlegare har diskutert, er dette eit svakt punkt ved teorien om den usynlege handa, nettopp fordi teorien ikkje tar omsyn til dei komplekse omgjevnadane som er unike for kvart menneske. Sjølv om teorien om den usynlege handa gir oss ein peikepinn, er det likevel vanskeleg å føresjå eit eintydig mønster sikkert.

Habitus og doxa er omgrep som omfattar dei individuelle skilnadane. I denne samanhengen kan doxa vere kunnskapen om at ingen bryr seg om nynorsk, eller at det ikkje er viktig å ha fagbøkene på nynorsk. Doxa er innfelt i habitus, som kan forståast som det som påverkar og legg grunnlag for dei enkelte handlingane våre. Men som dei ulike avsnitta har vist, gir doxa forskjellig utslag i habitus, fordi nokre vel å halde fast på nynorsken, trass i kunnskapen om at

han er lite verdt, medan andre gjer som fleirtalet og legg han frå seg. Kunnskapen om at nynorsk er lite verdt eller knytt til negative trekk, er likevel så sterk at han påverkar *mange* sin habitus. Å velje nynorsk blir dermed for mange av dei det gjeld, eit val *på trass av* eller *sjølv om*, noko som ikkje passar inn i den logiske oppstillinga den økonomiske teorien tilbyr. Postulata eg nemnde i førre del, *4.4.1 Den usynlege handa*, vil med andre ord kunne gjelde så mange at det kan bli – og ser ut til å ha blitt – eit mønster.

4.5 Avsluttande drøfting

4.5.1 Er hovudmål det same som bruksspråk?

I del 4.3.2 *Marginalisering* kom det fram at lærarane meiner at elevane vel eit skriftspråk som kan vere eit arbeidsverktøy, som sitt hovudmål. Eg viste fram dette avsnittet, frå Proba samfunnsanalyse, der konklusjonen er at elevane vel det som er lettast for dei.

(...) elevene velger hovedmål ut fra et ønske om at de vil ha et skriftspråk og et arbeidsverktøy som fungerer for dem i hverdagen. De velger den målformen som de behersker fordi skolehverdagen da blir enklere. Også en del av lærerne vi intervjuet støttet opp om denne tankegangen. (Proba samfunnsanalyse, 2014: 37)

Ser ein dette i samanheng med nokre av spørsmåla informantane får, kan vi mellom anna hos Kleggetveit (2013) sjå at over halvparten av elevane med nynorsk som hovudmål, eigentleg bruker bokmål i andre fag. Nokre av forskarane ser ut til å gjere ei naturleg kopling mellom hovudmål og mest brukte språk i skulen (jf. avsnitt 2.4.2 *Kva forskar vi eigentleg på?*). Det er ei kopling eg meiner er tvilsam. I dette sitatet frå Proba samfunnsanalyse ser vi at eleven koplar hovudmål direkte til norskfaget og ikkje til skulen generelt:

Lærerne bryr seg ikke, de sier det viktigste er at du svarer rett. Men i norsk må vi vel svare på hovedmålet vårt. (Informant i Proba samfunnsanalyse, 2014: 35)

Kanskje er koplinga mellom «hovudmål» og «mest brukte språk» treffande for elevane som har bokmål eller har bytt til bokmål, eller elevar med nynorsk i det nynorske kjerneområdet. For elevane som har nynorsk som hovudmål i randsonene, kan saka likevel sjå ut til å vere ei anna.

Språkbrukarar er fleksible. Brit Mæhlum og Unn Røyneland (2012) viser i boka *Det norske dialektlandskapet*, at språkval kan vere basert på nøytralitetsstrategi. Ein språkleg varietet, som ei dialekt, kan med andre ord fungere som ein normeringsinstans (2012: 143). Dette er situasjonsbestemt, og på same måte som språkbrukarar kan velje talemåtar som er oppfatta som «umarkerte» og «normale», kan vi overføre dette til val av skriftlege uttrykk. Ungdommane sin skriftlege praksis i skule og til dagleg, kan altså også forståast som situasjonsbestemte – at elevane, gjennom val av skriftspråk, ikkje vel eit språk som blir oppfatta som markert. Dette

kan mellom anna eksemplifiserast gjennom Stemshaug (2015) sitt resultat – at elevane ikkje vil identifisere seg med ein «typisk» nynorskbrukar.

At ein elev har valt nynorsk som hovudmål, er derfor ikkje nødvendigvis synonymt med at han er ein nynorskbrukar, eller at nynorsk, gjennom desse elevane, blir ivaretatt og brukt i samfunnet. Nynorsk kan for mange elevar i randsonene vere eit språk som berre blir brukt til det som det på vitnemålet er kategorisert som: *hovudmål*. Det kan for mange altså henge tett saman med norskfaget. Det er med andre ord god grunn til å tru at omgrepet «nynorskbrukarar» rommar meir i namnet enn i gagnet. Ut frå analysen blir det tydeleg at «hovudmål» er eit omgrep som høyrer til norskfaget for svært mange, og at elevane ofte vel språk – anten det er nynorsk, dialekt eller bokmål – tilpassa det faget eller den situasjonen dei er i. Hadde elevane vore på jakt etter eit arbeidsverktøy, som det av nokre blir hevda, hadde vi sett elevar med nynorsk som hovudmål også bruke nynorsk i andre fag enn norsk.

Det blir derfor også vanskeleg å kjøpe kompetanseargumentet som den einaste forklaringa på at elevane vel bort nynorsk. Gjennom analysen har eg fleire stader vist til at elevane oppgir at dei ikkje meistrar språket godt nok, som argument for at dei byter frå å skrive nynorsk til å skrive bokmål som hovudmål i staden. Fleire av arbeida påpeiker at elevane ikkje er påverka av andre, og at det med andre ord er deira eige val. I tillegg har dei ulike masteroppgåvene sett på om foreldre, lærarar, vener eller familie har påverka dei, utan veldig tydelege resultat. Ut frå det eg har diskutert i analysen, meiner eg ein stor del av forklaringa for elevane si språklege åtferd kan forståast ut frå habitus og eksisterande mønster generert frå individua som er rundt dei, har vore rundt dei, og vil oppretthaldast av dei individua som kjem i framtida. Å seie at det er deira eige val og å redusere forklaringa til ei eller få årsaker blir for enkelt.

Å hevde at elevane er ute etter eit arbeidsverktøy, slik det blir gjort i det eine sitatet frå Proba samfunnsanalyse, kan også forståast som ei passiv unnskyldning for å fri seg for ansvar. Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål er lovfesta, men at dei reelle tilhøva ikkje er jamstilte, er eit faktum alle er klar over, i alle fall i skulen. Men som denne analysen har vist, har mange uttalte haldningar om nynorsk, og denne situasjonen kan derfor vere utfordrande å snakke om i eit klasserom. Det kan derfor tenkast at lærarar og administrasjon – bevisste eller ubevisste – *ikkje ønsker* å ta stilling, fordi dei veit at det blir reaksjonar, eller at mange ikkje bryr seg, eller at nokon vil synest det er unødvendig eller tvang. Dei mekanismane som er etablerte, kan fortelje oss noko om kva reaksjonar ein kan bli møtt med, dersom ein vel å argumentere for nynorsk, å ta det opp på eit møte, eller som lærar å setje det som det viktigaste omsynet i fordeling av klassar. Strukturane gjer det vanskeleg og lite attraktivt, og det kan derfor sjå ut til

at mange har resignert og gøymer seg bak eit logisk argument: Elevane vil berre ha eit arbeidsverktøy.

4.5.2 Språk er makt

Gjennom habitus blir makt og strukturar haldne ved like, og habitus omfattar sosiale normer som legg grunnlag for tankesett og handlingar. I dei førre avsnitta er det fleire døme som tyder på at oppfatninga av nynorsk, doxa, som noko mindre viktig, er innfelt i habitus. Elevane er vane med å tenke at det ikkje er så viktig, og synest det er sosialt ukomfortabelt å handle imot denne oppfatninga. «Det blir vel nedprioritert», og andre utseigner som at dei ikkje «orkar» å gjere noko med det, tyder på at å ha nynorsk ikkje er sjølvsagt, og at det er fleire faktorar som hindrar elevane i å tenke at det er viktig, eller at dei er viktige.

Fleire av arbeida som ligg til grunn for denne analysen, påpeiker at det trengst ei bevisstgjering. Garthus (2009) og Proba (2014) finn at det er dei mest bevisste elevane som held på nynorsken. Stemshaug (2015) påpeiker at *type* bevisstheit kan vere avgjerande, fordi nokre elevar også er bevisste på at dei ikkje vil markere seg som annleis språkleg. Meir fokus på den språklege situasjonen og rettane til elevar med nynorsk som hovudmål går likevel igjen. Ein sentral del av grunnen til at elevane gjer dei språkvala dei gjer, er nettopp habitus. Dersom det skal bli sosialt akseptert å hevde sin rett for dei mange og ikkje berre for dei få, må det også vere ei handling som er sett på som verdifull og legitim. Det handlar mellom anna om korleis vi omtalar elevane som har nynorsk som hovudmål, om vi ser og legitimerer dei, kva haldningar vi viser, og om korleis vi omtalar sjølve språket. Analysen har vist at nynorsk blir oppfatta som vanskeleg av fleire, i nokre tilfelle også av fagfolk, og at det i seg sjølv utgjer ein legitim grunn for å *sleppe*.

Nokre av elevane har nynorsk *på trass av* eller *sjølv om*. Lærarane seier at nynorsk er viktig *sjølv om* det er vanskeleg. Eg får betre karakter på bokmåltekstene, men bruker nynorsk *likevel*, fordi det er viktig. Å bruke nynorsk kjem ofte med ein grunn – kanskje fordi vi har eit behov for å rasjonalisere vala våre, kanskje også fordi doxaen om nynorsk som lite verdt er svært sterkt. Ein slik legitimering er noko vi har sett frå aktørar i alle delar av diskursen: forskarar, elevar og lærarar. Og det *er* eit reelt behov for å legitimere handlingane våre når dei går i motsett retning av habitus. Men ei slik legitimering av språkval kan også vere undergravande når ein på ein eller annan måte formulerer seg med utgangspunkt i at det *eigentleg* er uønskt.

Språket slik vi bruker det – og slik vi ikkje bruker det – er med på å vedlikehalde eksisterande fordommar og forståingar. I ein kritisk diskursanalyse vil Habermas avdekke ideologi og

tankesett. Ideologi og tankesett kjem til syne i språket nettopp slik diskursanalysen har vist. Vidare ønsker også Habermas at vi med denne avdekkinga skal kunne forandre sjølvsagde oppfatningar. Bevisstheit og kunnskap blir dermed kuren for misoppfatningar. Fleire av elevane viser rett nok teikn til å ha bevisst kunnskap om nynorsk, om tilhøva og nokre også strukturar. Doxa om nynorsken sin status ser ut til å vere ganske sterk, og å gi utslag i habitus hos svært mange. Hos nokre er dei individuelle vala automatiserte, hos andre er dei bevisste. Strukturane som pregar den språklege situasjonen er sterke, og det er derfor vanskeleg å gi eit svar på kva som kan gjerast for å endre på eller snu dette, spesielt når mange av dei det gjeld allereie er bevisste på valet dei har gjort, og på haldningar og tilhøve som pregar forholdet mellom nynorsk og bokmål.

5. Avsluttande merknad

I begynninga av denne oppgåva tok eg sikte på å undersøke to spørsmål, nemleg:

1. *Kva er årsakene til at så mange elevar i randsone byter til bokmål som hovudmål?*
2. *Korleis kan vi forklare dette mønsteret?*

Dei to analysane utfyller kvarandre og dannar til saman ei forklaring. Den komparative analysen i kapittel 3 har vist at mange legg frå seg nynorsk på grunn av at dei ikkje meistrar det godt nok. I tillegg blei det mellom anna tydeleg at det eksisterer negative haldningar til nynorsk – både hos dei som skriv nynorsk sjølv, om andre som skriv nynorsk og til det dei legg i omgrepet *nynorsk*. Gjennom diskursanalysen blir det vist mange døme på at nynorsk blir sett på som mindre verdt, uønskt, «flaut», eller «gamaldags» og blir nedprioritert og gløymt i mange situasjonar. Og sjølv om mange elevar uttrykker at dei ikkje vil at nynorsken skal forsvinne, kvir dei seg for å bruke han sjølve. Nynorsk for mange eit omgrep som blir knytt direkte til norskfaget, og det er verken eit språk elevane vil identifisere seg med, eller bruker i det daglege. Nynorsk blir derfor lite relevant for elevane. Dette er nokre av årsakene som kan forklare at elevar vel å ikkje skrive nynorsk. Den kritiske diskursanalysen set funna i samanheng med dei teoretiske konsepta *habitus*, *doxa* og *den usynlege handa*, og då blir det andre spørsmålet i oppgåva meir utfyllande svart på. Når desse teoriane blir sett i samanheng med dei individuelle vala, kan vi sjå at kunnskapen om nynorsk – kva han er verdt, kva trekk nynorskbrukarar blir tileigna, at han er vanskeleg – får utslag i kva elevane gjer. Her viser det seg også individuelle skilnader: Nokre vel nynorsk *trass* i denne kunnskapen, andre vel nynorsk bort med grunn i han. Vi kan seie at den tause kunnskapen, doxa, gir forskjellig utslag i habitus. Når årsakene blir sett i samanheng med teorien, kan vi forklare dette mønsteret som til saman dannar bakgrunnen til *den nynorske lekkasjen* i randsone, og som igjen både er eit symptom av og ein forsterkande struktur til den hegemoniet som karakteriserer forholdet mellom nynorsk og bokmål.

Å velje nynorsk som hovudmål er ei handling som går mot straumen, fordi både strukturar, haldningar og tankesett legg til rette for at ein *ikkje* skal velje nynorsk. Som følgje av dei negative haldningane og hegemoniet som pregar språksituasjonen i Noreg, blir nynorsk eit mindre og mindre nærliggjande språk å velje. Denne oppgåva har vidare beskrive språkbrukarane som fleksible, og vist at det er mange som tilpassar språkpraksisen sin: Mange elevar vel språk etter kva situasjonen krev, og då ser både dialekt og bokmål ut til å vere val

som kjem før nynorsk på lista. Dette kan forklarast i at nynorsk mellom anna ikkje er oppfatta som eit nøytralt språk, og at det derfor ikkje passar i alle situasjonar.

Ut frå det eg har drøfta i denne oppgåva, er det tydeleg at det er ein del strukturar som ikkje peiker i ei positiv retning for utviklinga og framhaldet av nynorsk. Sjølv om alle individuelle val ikkje beint fram kan omsetjast i ein enkel årsak-verknadsmodell, er summen av dei handlingane som går imot strukturane ganske liten. Grepstad (2015b) peiker på at summen av «nynorskbrukarar» held seg stabil. Dette bør likevel sjåast i samanheng med at det stadig kjem nye førsteklassingar i grunnskulen som får språket som hovudmål i skulen eller i norskfaget. Denne stabiliteten kan i stor grad derfor bli forklart gjennom institusjonelle tilhøve (les: at skulen ligg i ein nynorskkommune), og *ikkje* fordi dei syntest nynorsk verka som det beste valet for dei.

6. Litteratur

- Akselberg, G., og Mæhlum, B. (2011). Sosiolingvistisk metode. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk.* (2 utg., s. 74-87). Oslo: Cappelen Akademisk forlag.
- Barneombudet. (2018). FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20. november 1989.
Artikkel 2 - ikkje-diskriminering. Henta 15.04.18 frå <http://barneombudet.no/dine-rettigheter/barnekonvensjonen/artikkel-2/>
- Bjørhusdal, E. (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885-2005.* (Avhandling til Ph.D.), Universitetet i Oslo, Oslo.
- Blakar, R. M. (1973). *Språk er makt.* Oslo: Pax forlag.
- Bourdieu, P. (1990). *The logic of Practice.* Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1994). Structure, Habitus, Power: Basis for a Theory of Symbolic Power. I N. B. Dirks, G. Eley, og S. B. Ortner (Red.), *Culture/Power/History. A reader in contemporary sociological theory.* (s. 155-200). New Jersey: Princeton University Press.
- Deer, C. (2014). Doxa. I M. Grenfell (Red.), *Pierre Bourdieu: Key concepts* (2 utg.). Abingdon, Oxon: Routledge.
- Eiksund, H. (2010). *Den nynorske identiteten i lys av det generelle forholdet mellom språk og identitet.* Henta 2.3.2018 frå https://nynorsksenteret.no/neted/front/img/Akademiske_tekstar/Eiksund_NynorskIdentitet.pdf
- Fairclough, N. (2001). *Language and power* (2. Utg.). Harlow: Pearson Education Limited
- Gal, S. (1994). Between speech and silence. I R. Camille, S. Juhasz, og C. Miller (Red.), *The Women and language debate: A sourcebook* (s. 407-432). New Brunswick, N.J.: Rutgers University Press. (Ebok). Henta 16.2.18 frå http://web.b.ebscohost.com/ehost/ebookviewer/ebook/bmxlYmtfXzE5OTdfX0FO0?sid=9e65e7cc-7ea1-411f-91da-021a6e9c6798@sessionmgr120&vid=0&format=EB&lpid=lp_COVER-0&rid=0
- Garthus, K. M. K. (2009). *Rapport om språkskifte i Valdres.* Henta 2.9.2017 frå http://www.morsmal.org/documents/members/admin/rapport_om_nynorsk_vs_bokmal.pdf
- Grepstad, O. (2012a). *Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg.* Oslo: Samlaget.

- Grepstad, O. (2012b). *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012*. Hovdebygda: Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, O. (2015a). Noreg. I O. Grepstad (Red.), *Språkfakta 2015. Ei forteljing om språk i Noreg og i verda gjennom 850 tabellar*. Ivar Aasen-tunet: Nynorsk Kultursentrum
- Grepstad, O. (2015b, 22.9.). 7. *Individuell språkbruk*. Språkfakta 2015. henta 21.4.2017 frå http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprak/sprakfakta/sprakfakta_2015/7_individuell_sprakbruk/#7.9
- Hattie, J. A. C. (2009). *Visible learning: A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement*. London: Routledge
- Herk, G. V. (2012). *What is sociolinguistics?* Oxford: Wiley-Blackwell.
- Hårstad, S., Mæhlum, B., og Lohndal, T. (2017). *Innganger til språkvitenskap. Teori, metode og faghistorie*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Idsøe, T. (2016). *Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? Ei undersøking av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelt område i Hordaland*. (Masteroppgåve). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Jørgensen, M., og Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode* (1. utg.). Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Keller, R. (1994). *On Language Change: The Invisible Hand in Language*. London: Routledge.
- Kleggetveit, I. (2013). *Eg eller jeg? - Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder*. (Masteroppgave). Kristiansand: Universitetet i Agder.
- Noregs Mållag (2012). *Kort spørjeundersøking om språkval, hausten 2012*. Oslo.
- Krogh, T. (2009). *Hermeneutikk. Om å forstå og fortolke*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Krogsæter, M. N. (2017). «*Eg føler nesten at me har berre eitt skriftsspråk no, at det er bokmål.*»: ei sosiolinguistisk undersøking av hovedmålsval og språkskifte hos elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande utdanning. (Masteroppgåve), Trondheim: NTNU
- Forskrift til opplæringslova (2006). Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa. Av 1.8.2006. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724>
- Kultur- og kyrkjedepartementet (2008). *Mål og meininger. Ein heilskafeleg norsk språkpolitikk*.
- St.meld. 35. 2007-2008. Henta 10.9.2017 frå Kultur- og kyrkjedepartementet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/sec1>

- Mæhlum, B. og Røyneland, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Rotevatn, A. G. (2014). *Språk i spagaten. Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar*. (Masteroppgåve) Volda: Høgskulen i Volda.
- Røyneland, U. (2011). Språk og dialekt. In B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy (Eds.), *Språkmøte* (2. utg, s. 16-34). Oslo: Cappelen Akademisk forlag.
- Proba samfunnsanalyse (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Henta 1.09.2017 frå <http://proba.no/rapport/undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal>
- Timulak, L. (2009). Meta-analysis for qualitative studies: A tool for reviewing qualitative research findings in psychotherapy *Psychotherapy Research*, 19 (4-5), s. 591-600.
- Weed, M. (2005). "Meta Interpretation": A method for the Interpretive Synthesis of Qualitative Research *Forum: Qualitative Social Research*, 6 (1). Henta 30.1.2018 frå <http://www.qualitative-research.net/index.php/fqs/article/view/508/1096>
- Ørnholi, S. (2005). Sitat frå *Fædrelandsvennen* 16.02.05. Hovdebygda: Ivar Aasen-tunet.
- Øvrelid, I. N. (2014). *Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Påverknad og haldningar*. (Masteroppgåve). Volda: Høgskulen i Volda

Relevans for lektoryrket

Tematisk er denne oppgåva viktig for lærargjerninga. Som eg har vist, blir mange elevar sett i ein situasjon der dei implisitt blir pressa til å legge frå seg nynorsk. Dette arbeidet har gjort meg bevisst på korleis eg bør formidle slike språklege aspekt, slik at eg også kan gjere mitt beste for at skulen kan oppfattast som ein trygg arena for å skrive. Ingen skal oppleve å bli behandla annleis fordi dei er som dei er – eller skriv som dei skriv. Eg har sjølv vore ein elev i eit bokmålsdominert klasserom. Tanken på at framtidige elevar skal kjenne seg stigmatiserte og mindre verde berre på grunn av korleis dei skriv, er provoserande. Formålsparagrafen og Barnekonvensjonen er ikkje spesielt tvitydige i spørsmål om diskriminering:

Skolen og lærebedrifa skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast (§1-1 i Opplæringslova, 2008).

Alle barn har rett til vern mot diskriminering (Barnekonvensjonen, i Barneombudet, 2018).

Skal ikkje det også gjelde diskriminering på bakgrunn av språk? Det er eit imperativ vi i skulen og i samfunnet er pålagde å jobbe for. Slik det er no, risikerer vi at nokre elevar får eit därleg språkleg sjølvbilde, og at skriving for dei blir kopla til noko negativt. Det er eit demokratisk problem, fordi språk er ein føresetnad for å delta i samfunnet, og fordi elevane opplever at rettane deira, nedfelte i Opplæringslova, blir oversett (Forskrift til Opplæringslova, 2006, §1-1). Demokratisk danning er ein av grunnsteinane i Den generelle læreplanen.

Å skrive master er ein prosess som gir erfaring med og kunnskap om skriving som dugleik. Fram mot resultatet har eg skrive mange delar på nytt, sletta, endra, flytta og lært meg kommareglane på nytt. Ei slik skriveerfaring er viktig å ha med seg inn i eit klasserom der skriving er sett på som ein prosess. Fordi læraren både skal fasilitere for og rettleie skriving, er det viktig å kunne sjå kritisk på tekstene, men også å kunne svare med kommentarar som er konstruktive og til hjelp for elevane.

Overordna er språkopplæring ein viktig del av norsklærarjobben, men språk har også ein sentral plass i alle fag i skulen. Uavhengig av kva fag ein underviser i, vil språkleg bevisstheit vere viktig for den skrivekompetansen elevane skal utvikle i det enkelte faget. Eg meiner derfor at oppgåva er relevant også for lærarar i andre fag enn norsk. Elevane skal dannast inn i samfunnet, og må kunne beherske, uttrykkje seg og bruke språket. Det føreset mellom anna tryggleik.

Vedlegg

Vedlegg 1. Oversikt over informantar.

Hovudmål	Garthus	Idsøe	Kleggetveit	Øvrelid	Krogsæter	Proba samfunnsanalyse	Stemshaug
Bokmål	331	53	25	102	40	15	
Nynorsk	67	12	24	40	6	30	36

Vedlegg 2: Tal: «kor godt liker du å skrive nynorsk?»,

2.1 Prosent omgjort til absolutte tal.

I dei tilfella der dei absolutte tala ikkje er heile, er det fordi utrekningane baserer seg på dei tala som er vist i oppgåvene, og desse ikkje er nøyaktige nok.

	Svært godt	Godt	Veit ikkje/ Verken eller	Ikkje godt/mindre godt	så Vil helst ikkje skrive dette
Garthus (2009)					
Elevar med bm	22,893	89,701	0	117,836	96,98
Elevar med nn	17,286	35,557	0	9,715	3,216
Samla gruppe	40,125	125,278		127,551	100,199
Idsøe (2016)					
Elevar med bm	1,007	14,999	0	24,009	13,409
Elevar med nn	3,996	5,004	0,996	2,004	0
Samla gruppe	5,003	20,003	0,996	26,013	13,409
Øvrelid (2014)					
Samla gruppe	36	82		76	94

2.2 Absolutte tal omgjorde til samla prosent

	Svært godt	Godt	Veit ikkje/ verken eller	Ikkje godt/mindre godt	så Vil helst ikkje skrive dette
(1)Elevar med bm	21,127 %	27,265 %	0 %	36,939 %	28,748 %
(2)Elevar med nn	26,939 %	51,368 %	1,26 %	14,834 %	4,071 %
(3)Samla gruppe	9,544 %	26,739 %	0,117 %	27,007 %	24,424 %

Populasjon:

- (1) 100 % = elevar med bokmål som hovudmål i Garthus (2009) og Idsøe (2016) til saman
- (2) 100 % = elevar med nye som hovudmål i Garthus (2009) og Idsøe (2016) til saman
- (3) 100 % = alle elevane i Garthus (2009), Idsøe (2016) og Øvrelid (2014) til saman

Vedlegg 3: Tal: «Kor godt liker du å skrive bokmål?»

3.1 Prosent omgjort til absolutte tal

I dei tilfella der dei absolutte tala ikkje er heile, er det fordi utrekningane baserer seg på dei tala som er vist i oppgåvene, og desse ikkje er nøyaktige nok.

	Svært godt	Godt	Veit ikkje/ Verken eller	Ikkje godt/mindre godt så	Vil helst ikkje skrive dette
Garthus (2009)					
Elevar med bm	16,204	135,048	0	19,529	14,233
Elevar med nn	7,571	36,716	0	14,07	7,457
Samla gruppe	167,775	171,764	0	33,599	21,69
Idsøe (2016)					
Elevar med bm	33,019	18,974	0	0	1,007
Elevar med nn	0,996	8,004	0,996	2,004	0
Samla gruppe	34,015	26,978	0,996	2,004	1,007
Øvreliid (2014)					
Samla gruppe	225	139	12	5	6

3.2 Absolutte tal omgjorde til samla prosent, samla

	Svært godt	Godt	Veit ikkje/ verken eller	Ikkje godt/mindre godt så	Vil helst ikkje skrive dette
(1) Elevar med bm	50,32%	40,11%		5,09%	3,97%
(2) Elevar med nn	10,84%	56,61%		20,34%	9,44%
(3) Samla gruppe	50,21 %	39,73%	0,001%	5,60%	3,26%

Populasjon:

- (1) 100 % = elevar med bokmål som hovudmål i Garthus (2009) og Idsøe (2016) til saman
- (2) 100 % = elevar med nye som hovudmål i Garthus (2009) og Idsøe (2016) til saman
- (3) 100 % = alle elevane i Garthus (2009), Idsøe (2016) og Øvreliid (2014) til saman

Vedlegg 4: Tal: «Eg synest nynorsk bør brukast på heimstaden min, fordi det er ein del av kulturen her.»

4.1 Prosent gjort om til absolute tal

	Heilt einig	Delvis einig	Veit ikkje/ Verken eller	Delvis ueinig	Heilt ueinig
Garthus (2009), samla	66,34	149,25		73,59	107,78
Idsøe (2016), samla	14,48	17,51	16,11	7,85	7,85

4.2 Absolute tal omgjorde til samla prosent

	Heilt einig	Delvis einig	Veit ikkje/ verken eller	Delvis ueinig	Heilt ueinig
(1) Samla gruppe	17,46%	36,02%	3,48%	17,59%	24,97%

Populasjon:

(1) 100 % = elevar med bokmål og nynorsk som hovudmål i Garthus (2009) og Idsøe (2016) til saman